

Ål kommune

Årsmelding

2021



ÅL KOMMUNE

Innhald

Organisasjon og leing	1
Ordføraren har ordet.....	1
Rådmannen har ordet	6
Administrativ leing	8
Økonomi	9
Netto driftsresultat.....	9
Utvikling av driftsinntekter.....	10
Utvikling av driftsutgifter	11
Utvikling av finanspostar	13
Kraftrelaterte inntekter	13
Avvik frå budsjetttramma og ressursbruk til tenesteproduksjon.....	14
Kommunale investeringar 2021	15
Eigenkapital og gjeld.....	16
Fond.....	16
Gjeld	17
Organisasjon og medarbeidarar	19
Rådmann, service-tenester, personalkontor og IKT.....	22
Oppvekst.....	23
Kultur	30
Helse og omsorg.....	37
Drift og utvikling	43
Vedlegg: KOSTRA tal 2021.....	48

Organisasjon og leiing

Ordføraren har ordet



Året 2021 vart eit år fylt av store kontrastar. Til liks med kommunar over heile landet, baud seinhausten på rekordhøge straumprisar, noko som prega nyheitsbiletet og økonomien til både privatpersonar og næringsliv. Mange opplevde at dette var svært krevjande og det vart difor gjort grep for å avhjelpe situasjonen på kort sikt for første kvartal i 2022. Slik prognosane ser ut, kjem det likevel til å vera store svingingar i kraftmarknaden i fleire år framover, og det må me som straumkundar førebu oss på. Rikspolitisk gjeld det å finne varige ordningar med meir føreseielege prisar.

Covid-19 er den andre store saka som dessverre også prega store delar av dette året. Eg kan ikkje anna enn å takke alle som har gjort sitt i denne krevjande tida for å få samfunnet til å fungere best mogleg. Tusen takk til alle innan reinhald, helse- og oppvekstsektoren som har stått og står i førstelinja, og på den måten gjer at samfunnet fungerer. Det er mange som gjer enormt mykje for andre i denne tida! Takk til alle kulturarbeidarar, alle frivillige og alle innan reiseliv og servicebransje som har gjort om på planar, avlyst arrangement, tålt avbestillingar og nye nedstengingar. Dette har vore forferdeleg seigt og til stor bekymring. Mange kjenner dessutan at einsemda har vore tung å takle, og alle er smerteleg klar over at det finst få alternativ når smitta florerer. Takk til alle som har vaksinert seg, og som på den måten har avlasta sjukehus og helsepersonell.

Året 2021 har samstundes hatt svært mykje positivt å by på! Ål kommune fekk to prisar me er uendeleg stolte av: Me vart kåra til årets kulturkommune og årets nynorskkommune! Begge prisane har sett Ål og Hallingdal på kartet på ein positiv måte, og mange frå kultursektoren vil besøke bygda og dalen vår i tida framover. Dette er ein eineståande sjanse til å marknadsføre alt det positive me har å by på! Prisane hadde ikkje vorte tildelt Ål om det ikkje var for innbyggjarane våre. Takk, og gratulerer til oss alle!

Eg vil nytte høvet til å takke alle som gjer lokalsamfunna her til gode stader å leva og vera for bygdafolk og hyttehallingar. Ål og Hallingdal blir så bra fordi folka gjer ein forskjell! Det er gledeleg å sjå at Hallingdal har hatt ein netto folketalstilvekst i 2021 på omlag 180 nye hallingar! Me treng rekruttering av fagfolk i mange bransjar og fleire dedikerte tilsette i offentleg tenester, me treng eit næringsliv som utviklar seg og satsar, me treng varierte bustadtilbod og me treng frivillige som set farge på bygdene, med stor innsats for andre, gjennom arrangement, dugnadsarbeid og trivselstiltak! De betyr noko, kvar og ein av dykk!



ÅL KOMMUNE

Ordføreren vil takke for all innsats, for gode minne og for fine høgdepunkt for både Ål og Hallingdal:

- Årets kulturkommune
- Årets nynorskkommune
- Elvelangs / Ål vasspark
- Stakkekjerringane / Sundre Vel
- Ålingen kjøpesenter – med friske fråspark
- Inspirerende bedriftsbesøk.
- Leksvol og feiring av 20-årsjubileum for bufellesskapet
- Mange nye miljøfyrtårn-bedrifter
- TV-aksjonen – flott innsats av 9.klassingar og sjåførar
- Ål stibyggarlag og opning av Hallingsprettløypa
- Samarbeid med 4.trinn om «Lokalsamfunnet vårt»
- Bygdepride og Hallingpride arrangert for fyrste gong!
- Ål – genseren – ny strikkeoppskrift.
- Ål introsenter
- Nyopning Deaf Aid-butikken
- Kunstutstillingar, Rolf Nesch-jubileum og nye skilt.
- Eldredagen 1.oktober, med to fulle hus i Hallingdal feriepark
- Middagar 65+ hjå mange serveringsstader i heile kommunen.
- Fire ærefulle bryllaupsoppdrag på Tingstugu, Sangefjell og Nordvang
- Babyskinn til alle nyfødde ålingar
- Bu og blilyst-satsing
- Utviklingsarbeidet i Hallingdal barnevern
- Fleire avgangar Bergensbanen
- Jobb i Hallingdal – sjekk nettsida.
- God framdrift Ringeriksbanen og Vegpakke Hallingdal
- «Sats på Hallingdal» er i gang
- Hallingdal som berekraftig reisemål
- Fagskulen i Viken, avd. Geilo
- Nordfjella – ingen vinterjakt
- Innovasjonssatsing i Hallingdal
- Partnerskapsavtale med Viken fylke
- Embetsgarden på Nesbyen opna i juni
- Ny samarbeidsavtale om Hallingdal sjukestugu
- Grønn vekst Hallingdal
- Norges friluftshøgskole i Hemsedal
- Defa
- Protan
- Tråkk'n Roll og sykkelsatsing i heile dalen.
- Nye industriområde spreidd rundt i Hallingdal
- Ung Invest – landsomfattande læringsfestival på Geilo
- Shuttle-buss-tilbod ved fleire togstasjonar
- Vidareføring Hallingdal etablerersenter
- Satsing og samarbeid for Nortura Gol
- Reine element



ÅL KOMMUNE

2022 vil by på nye utfordringar, viktige møte, trivelege ordføraroppdrag, lærerike konferansar, nokon turar som vara på Stortinget og mange møte med menneske, i både sol og regn. Ordførarlivet er meir mangfaldig enn dei fleste trur, og eg går optimistisk eit nytt år i møte og takkar for det privilegiet det er å få vera ordførar i Ål og regionrådsordførar i Hallingdal!


Takk for alt godt og konstruktivt samarbeid, med innbyggjarar, offentleg tilsette, hyttefolk, næringsdrivande, interkommunale selskap, Ål utvikling, lokale medier og alle engasjerte folkevalde i Ål og Hallingdal!

Takk til Karsten rådmann, Geir i Ål kraftverk og Jan Olav i Regionrådet. Takk til alle tilsette i Ål kommune, og takk til rådmannen sin leiarstab. De er alle viktige samarbeidspartnarar for oss folkevalte.

Avslutningsvis sender eg ei varm helsing til mine ordførarkollegaer Petter, Heidi, Pål, Tore og Merete. Bygda 2.0 – Hallingdal viser veg!

Solveig Vestenfor
Ordførar

Politisk organisering



Tal på saker i utval	2017	2018	2019	2020	2021
Kommunestyret	87	86	139	96	93
Formannskapet	87	91	87	94	88
Sektorutval for helse- og omsorg	36	31	19	18	33
Sektorutval for kultur og oppvekst	42	38	46	49	55
Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	112	129	102	149	141
Næringsstyret	26	26	34	40	53
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	3	6	4	7	18
Eldreråd	13	19	19	13	29



ÅL KOMMUNE

Kommunestyret - 25 medlemmar		Formannskapet - 7 medlemmar	
Medlem:	Parti	Medlem:	Parti
Solveig Vestenfor - ordførar	Arbeiderpartiet	Solveig Vestenfor - ordførar	Arbeiderpartiet
Ingeborg Kaslegard Frydenlund	Arbeiderpartiet	Ingeborg Kaslegard Frydenlund / Tore Bøygard	Arbeiderpartiet
Lene Prestegard	Arbeiderpartiet	Jørund Li	Høyre
Hedvig Johanne Rud	Arbeiderpartiet	Ole Egil Trinrud, varaordførar	Senterpartiet
Dagfinn Bøygard	Arbeiderpartiet	Anne Vetteren Grøthe	Senterpartiet
Liritzona Berisha	Arbeiderpartiet	Ivar Magne Breivik	Senterpartiet
Jan Egil Grue	Arbeiderpartiet	Marit Sehl	Sosialistisk Venstreparti
Line-Marie Frantzen	Arbeiderpartiet		
Olaf B Buseth / Tore Bøygard	Arbeiderpartiet	Sektorutval for helse- og omsorg - 7 medlemmar	
Torleif T. Dalseide	Venstre	Medlem:	Parti
Ole Egil Trinrud, varaordførar	Senterpartiet	Lene Prestegard - leiar	Arbeiderpartiet
Anne Vetteren Grøthe	Senterpartiet	Line-Marie Frantzen	Arbeiderpartiet
Ivar Magne Breivik	Senterpartiet	Olaf Buseth	Arbeiderpartiet
Ola Terje Oleivsgard	Senterpartiet	Gudveig Fingarsen	Høyre
Solveig Løkensgard Arnegard	Senterpartiet	Tore Arnegard - nestleiar	Senterpartiet
Gro Torpe	Senterpartiet	Stein-Ove Thon	Senterpartiet
Anders Lunden Herfoss	Senterpartiet	Liv Torunn Gullstein Torpe	Fremskrittspartiet
Stein-Ove Thon	Senterpartiet		
Jørund Li	Høyre	Sektorutval for kultur og oppvekst - 7 medlemmar	
Iselin Haugo	Høyre	Medlem:	Parti
Knut Einar Haug	Høyre	Anne Jorunn Holth / Ingeborg Kaslegard Frydenlund	Arbeiderpartiet
Tor Olav Tveito	Høyre	Aslak Bøygard	Arbeiderpartiet
Marit Sehl	Sosialistisk Venstreparti	Helga Marie Hellene Anfinsen	Arbeiderpartiet
Vilde Springgard	Sosialistisk Venstreparti	Espen Karlsen	Høyre
Liv Torunn Gullstein Torpe	Fremskrittspartiet	Ola Terje Oleivsgard - leiar	Senterpartiet
		Anders Lunden Herfoss	Senterpartiet
		Sissel Urke - nestleiar	Venstre
Næringsstyret - 5 medlemmer			
Medlem:		Sektorutval for teknisk, næring og ressurs - 7 medlemmar	
Solveig Vestenfor - ordførar		Medlem:	Parti
Anne Vetteren Grøthe		Hedvig Johanne Rud - nestleiar	Arbeiderpartiet
Morten Gjeldokk		Dagfinn Bøygard	Arbeiderpartiet
Kristian Kvistad Holm		Knut Einar Haug - leiar	Høyre
Espen Jakobsen		Solveig Løkensgard Arnegard	Senterpartiet
		Gro Torpe	Senterpartiet
Kontroll-utval - 5 medlemmer		Nils Ove Svengård	Senterpartiet
Medlem:		Vilde Springgard	Sosialistisk Venstreparti
Edvin Ræstand - leiar			
Borgny H. Anderson			
Torleiv Dengerud			
Kjersti Elise H. Løyte			
Jan Egil Grue			

Tapt terreng kan man alltid vinne tilbake,
men aldri tapt tid

Franklin D. Roosevelt

Rådmannen har ordet



År 2021 har som året før vore prega av Covid-19. Begge driftsåra 2020 og 2021 har vore så spesielle at det er vanskeleg å tenke seg normalen. I skrivande stund er ein pandemi erstatta av ringverknader frå ein krig i Europa. Ringverknader både kva angår flyktningar – som bur i akutt mottak og som skal busetjast - og ekstraordinær auke i kostnader på råvarer.

I 2021 har vi levert dei tenester Ål kommunestyre har bedt oss om – innanfor dei økonomiske rammer som var sett. KOSTRA-tall, folkehelsebarometer, kommunebarometer og – mest av alt – attendemeldingar frå innbyggjarane våre peikar i retning av at tenestene har vore tilfredsstillande, og at dei har hatt god kvalitet.


Det som har imponert meg mest i 2021 er at dei tilsette har klart å levere gode tenester samtidig som dei har handtert Covid-19 pandemien.

Pandemien snudde opp-ned på nesten alt, og dei tilsette i alle sektorar og avdelingar måtte arbeide annleis. Innarbeidde rutinar og oppgåver vart heile tida endra – ofte på svært kort varsel. Den enkelte tilsette har vist stor fleksibilitet, fantasi og mot for å løyse dei stadig nye utfordringar dei har stått i.

Eg vil samstundes framheve innsatsen som pensjonistar og alle dei frivillige har levert i 2021. Utan dette bidraget hadde vi ikkje klart å løyse mange av dei krevjande oppgåvene gjennom pandemien. Ei STOR takk til dei !

Årsmeldinga viser at Ål kommune totalt sett har ein sunn økonomi. Likevel må vi i åra som kjem redusere våre driftsutgifter så dei ikkje overstig våre inntekter– her har vi stadig ein jobb å gjera.

Nedanfor er synt eit diagram som syner utvikling frå 2000 til 2021 når det gjeld alders-struktur:



Som ein kan sjå av diagrammet er det færre unge og betydeleg fleire i aldersgruppa 50 – 75 år. Eit anna bilete er tabellen som syner utvikling i tal på innbyggjarar for to store grupper som mottek kommunale tenester:



ÅL KOMMUNE

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Alder 0 - 17 år	1030	1019	1007	1009	963	946	925	897	884
Alder 70 - 105 år	661	671	692	720	730	755	760	789	788

Den demografiske utviklinga viser at vi blir fleire godt vaksne og færre barn og unge dei neste åra. Trenden er openbar.

Dette krev at vi må vere budd på å endre våre tenester, men at vi samstundes held fram med satsinga på «Bu- og Bli-lystarbeid» for å snu trenden.

Gjennom året har eg opplevd ein god og konstruktiv dialog med innbyggjarane, næringslivet, hytteålingane og det politiske miljøet. Det har vore heilt avgjerande for at vi har kome oss godt gjennom eit krevjande år.

Ål er en god plass å leve. Det har vi også fått bekrefta under pandemien.

Vi har plass nok. Og vi har plass til fleire innbyggjarar!

**Eg er svært imponert over korleis våre tilsette har takla arbeidsdagane.
Eg er stolt over å få vere med på eit så godt arbeidslag.**

***Karsten Popp Dideriksen
Rådmann***



ÅL KOMMUNE

Administrativ leiing

Rådmannen er den øvste administrative leiaren i kommunen. I rådmannen sitt leiarteam sit: økonomisjef, personalsjef, kultursjef, kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef helse og sosial, kommunalsjef drift og utvikling.

Rådmannsteam skal sikre ei heilskapleg og balansert drift av kommunen. Kvar av sektorleiarane har ansvar for sin sektor og er næraste leiar for avdelingsleiarane.

Økonomisjefen og personalsjefen har eit gjennomgåande ansvar innanfor sine område i heile organisasjonen. Kommunalsjef for drift og utvikling fungerer som rådmannen sin vara.

Rådmannsteam	
Namn:	Funksjon:
Karsten Popp Dideriksen	Rådmann
Reidun Aaker	Kommunalsjef drift og utvikling
Borghild Ulshagen	Kommunalsjef helse- og sosial
Vegar Hoel	Kommunalsjef oppvekst
Hilde L. Bjørnsvik	Kultursjef
Berit Albrecht	HR-sjef
Erika Maria Braaten (Arne Fredriksen fra 14.10.2021)	Økonomisjef



ÅL KOMMUNE

Økonomi

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er eit mål på kva kommunen sit att med av dei årlege driftsinntektene etter at driftsutgifter og finansutgifter er betalt. Netto driftsresultat er difor sentralt i vurderinga av kommunen sin handlefridom og er ein primær indikator for økonomisk balanse.

[Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi](#) har tidlegare lagt opp til at denne prosentsatsen skal vere minst 1,75 %.

Ål kommune fekk i 2021 et positivt netto driftsresultat på 7,155 mill. kroner. Tilsvarende tal i 2020 var negativt med 0,248 mill. kroner. Budsjettet la opp til eit negativt netto driftsresultat på 5,682 mill. kroner. Slikt sett har 2021 vore betre enn ein rekna.

I prosent av brutto driftsinntekter er netto driftsresultat 1,11 % for 2021 mot minus 0,04 % i 2020). Desse prosent- tala er og vil vere noko misvisande opp gjennom åra ettersom driftsinntektene er inkludert refusjonar frå deltakarkommunar der Ål kommune er vertskap. Dette er verdt å ta med seg i analysane.

Det er ikkje sett økonomiske måltal for verksemda, noko vi bør gjere i løpet 2022, helst med verknad frå Økonomiplan 2023 - 2026. Dersom ein nytta staten sitt måltal skulle netto driftsresultat i kroner ha vore pluss 10 – 11 millionar kroner. Dette vil i så fall gje kommunen handlefridom. Handlefridom kan mellom anna nyttast til å finansiere kommunale investeringar.

Frie inntekter:

Frie inntekter (alle tal i heile 1.000 kroner)	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021	B 2021	Avvik
Rammetilskot	-145 033,5	-152 534,3	-163 534,0	-167 552,0	-151 626	-15 926
Skatt på formue og inntekt	-141 581,4	-146 024,3	-145 042,0	-148 598,0	-153 859	-7 369
Naturressursskatt	¹⁾	¹⁾	¹⁾	-12 630,0	¹⁾	¹⁾
Totale frie inntekter	-286 614,9	-298 558,6	-308 576,0	-328 780,0	-305 485	-23 295

¹⁾ Frå 2021 er naturressursskatt spesifisert

Fordelinga mellom rammetilskot og skatt på formue og inntekt i budsjett er alltid spesiell, avhengig av kva for modell ein nyttar ved budsjetteringa. Poenget er likevel at dei frie inntektene er betydeleg høgare i rekneskap 2021 enn budsjettet.

Covid-19-pandemien forstyrrar oppsettet ein del både for 2020 og 2021. Gjennom rammetilskotet har Ål kommune fått nær 2,9 mill. kroner i 2021 (meir i 2020), men det er også motteke øyremarka tilskot direkte til sektorane.

Eigedomsskatt:

Eigedomsskatt - alle tal i heile 1.000 kroner	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021	B 2021	Avvik
Eigedomsskatt næring (tidl. Verker og bruk)	-23 725,3	-24 284,3	-24 952,7	-28 942,1	-24 200	-4 742
Eigedomsskatt bustader og fritidsbustader	-12 096,7	-11 624,9	-12 570,1	-12 902,6	-12 150	-753
Sum eigedomsskatt	-35 822,0	-35 909,2	-37 522,8	-41 844,7	-36 350	-5 495

I 2021 vart det etterbetalt nær 3,5 mill. kroner frå Statnett SF – perioden 2017-2021.



ÅL KOMMUNE

Resultatmål:

Resultatmål	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021	B 2021
Samla driftsinntekter (tal i heile 1.000 kroner)	-605 124,4	-619 670,5	-641 807,0	-642 176,0	-547 292
Samla driftsutgifter (tal i heile 1.000 kroner)	620 236,9	634 878,7	682 544,0	665 290,0	583 110
Brutto driftsresultat (tal i heile 1.000 kroner)	15 112,5	15 208,2	40 737,0	23 114,0	35 818,0
Netto driftsresultat (tal i heile 1.000 kroner)	22 288,1	17 175,6	-247,0	7 156,0	-5 682
Netto driftsresultat i % av samla driftsinntekter ¹⁾	3,68 %	2,77 %	-0,04 %	1,11 %	-1,04 %

¹⁾ Staten setter generelt mål om 1,75 %

Utvikling av driftsinntekter

Hovudoversiktene vart endra frå 2020. Tal frå før 2020 er korrigert for å vere mest mogleg i samsvar med ny oppstilling.

Driftsinntekter (alle tal i heile 1.000 kroner)	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021	Rev. B 2021	Avvik
Rammetilskot	-145 033,5	-152 534,3	-163 534,3	-167 552,0	-151 626	-15 926
Skatt på formue og inntekt	-141 581,4	-146 024,3	-145 042,1	-148 598,0	-153 859	-7 369
Naturressursskatt ¹⁾	-	-	-	-12 630,0	-	-
Eigedomsskatt totalt	-35 822,0	-35 909,2	-37 522,8	-41 844,7	-36 350	-5 495
Andre skatteinntekter ¹⁾	-7 226,1	-7 828,2	-7 828,2	-7 828,2	-7 200	-628
Andre overføringar og tilskot frå staten	-19 508,7	-10 539,5	-8 877,3	-9 413,0	-8 412	-1 002
Overføringar og tilskot frå andre	-180 825,1	-192 002,7	-205 968,2	-177 626,0	-120 329	-57 297
Brukarbetalingar	-17 885,1	-18 156,7	-16 564,9	-17 568,9	-17 415	-154
Sals- og leigeinntekter	-57 244,5	-56 675,6	-56 469,7	-59 113,8	-52 102	-7 012
Totale frie inntekter	-605 126,4	-619 670,5	-641 807,5	-642 174,6	-547 292	-94 882

1) Naturressursskatt var fram til og med 2020 rekna inn i gruppa "Andre skatteinntekter"

Rammetilskot og skatt på formue og inntekt samt naturressursskatt:

Desse inntektene må sjåast i samanheng ettersom auka skatteinntekter i ein kommune sett opp mot resten av kommune-Noreg for Ål sitt vedkomande vil føre til reduksjon i rammetilskotet. For åra 2020 og 2021 er rammetilskotet kunstig som følgje av staten sin kompensasjon for Covid-19-tiltaka.

Eigedomsskatt:

Eigedomsskatt for 2021 er noko høgare enn budsjett og åra tidlegare hovudsakleg som følgje av sak med Statnett SF vart avgjort i 2021. Ål kommune fekk etterbetalt for åra 2017 – 2021 nær 3,5 mill. kroner.

Andre skatteinntekter:

For åra fram til 2020 og i Budsjett for 2021 har naturressursskatt vore rekna med i feil kategori inntekt.

Inntekta gjeld konsesjonsavgift og årleg tilskot til næringsfond frå ECO-Vannkraft AS (sett av til grunnkapital frå 2021).



ÅL KOMMUNE

Overføringer og tilskot frå andre:

I inntekta inngår refusjon for sjukdom og svangerskap med om lag 18,1 mill. kroner og kompensasjon for meirverdiavgift med nær 12,4 mill. kroner.

Refusjon for sjukdom og svangerskap må sjåast saman med oversikt over utgifter – løn og sosiale kostnader. Ein budsjetterer ofte ikkje med sjukefråvær.

Kompensasjon for meirverdiavgift er heller ikkje budsjettert, men rådmannen legg opp til at ein gjer dette frå 2023. At posten ikkje er budsjettert betyr at alle kostnader som gir frådrag for mva. etter mva-kompensasjonsordninga er budsjettert brutto.

Andre statstilskot syner ei inntekt på 55,2 mill. kroner, budsjettet er 30,5 mill. kroner. I beløpet er det mange tilskot og prosjektmidlar som staten tilbyr kommunane og som Ål kommune villig søkjar på. Tilskotet fører med seg kostnader som i nokon grad vil kunne sjåast att som auka utgifter, sjå tabell.

Slike tilskot er ofte overførbare, dvs. at unytta midlar vil kunne overførast til neste år. Dette skjer ved avsetning til bundne fond.

Når ein ev. nyttar av tilskotet året etter vil det bli dekkja ved bruk av bundne fond.

Ål kommune har til ein kvar tid om lag 18 – 20 mill. kroner på bundne fond som gjeld prosjekt. Inntekter og utgifter som gjeld prosjektmidlar og som blir nytta over fleire år vil påverke brutto- og netto-driftsresultat.

Sals- og leigeinntekter syner ei meirinntekt på 7 mill. kroner. I desse inntektene inngår sjølvkostinntekter som på same måte som tilskotsmidlar påverkar resultatbegrepa. I tala inngår også inntekter som gjeld interkommunale tiltak. Felles for desse er at inntektene ikkje er Ål kommune sine inntekter til eige disposisjon. For mykje eller for lite inntekter blir justert ved avsetning til eller bruk av bundne fond.

Utvikling av driftsutgifter

Hovudoversiktene vart endra frå 2020. Tal frå før 2020 er korrigert for å vere mest mogleg i samsvar med ny oppstilling. Det er teke nokre snarvegar.

Driftsutgifter (alle tal i heile 1.000 kroner)	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021	Rev. B 2021	Avvik
Lønsutgifter	313 466,8	320 924,8	326 134,8	336 009,5	321 489	14 520
Sosiale utgifter	67 528,7	70 840,7	63 666,0	68 609,1	63 404	5 205
Kjøp av varer og tenester	178 605,8	191 143,7	207 095,1	191 684,5	139 053	52 632
Overføringer og tilskot til andre	27 112,4	27 090,4	51 379,0	35 487,9	24 896	10 592
Avskrivningar	33 223,4	33 879,0	34 268,7	33 498,6	34 269	-770
Totale frie inntekter	619 937,1	643 878,6	682 543,6	665 289,6	583 110	82 179



ÅL KOMMUNE

Lønsutgifter og sosiale utgifter

Som ein kan sjå er det eit meirforbruk på totalt 19,7 mill. kroner. Som synt i tabell over inntekter så hadde Ål kommune refusjon for sjukdom og svangerskap på om lag 18,1 mill. kroner.

Ein må likevel vurdere å sjå lønsutgifter i samanheng med kjøp frå vikarbyrå og kjøp av andre tenester som dekker opp for manglande tilsettingar eller manglande kompetanse i fleire tenester.

I sosiale utgifter inngår også premieavvik og amortisering av tidlegare års premieavvik samt bruk av premiefond. Dette er papir-transaksjonar utan penge-verdi. I 2021 var verknaden 25,4 mill. kroner positivt for posten og positivt for alle resultbegrepa.

Kjøp av varer og tenester syner eit meirforbruk på om lag 52,6 mill. kroner. Det er ei utfordring at vi nyttar sær mange arter å sjekke opp mot, der mange arter er veldig like. Rådmannen tek sikte på å redusere talet på artar med verknad frå 2023.

Det store avviket på samleposten er knytt til:

- Kjøp av vikarbyrå – meirforbruk 15,477 mill. kroner.
I teorien skal kjøp av vikarbyrå erstatte tilsette av ein eller annan årsak. Ein nyttar ekstern kompetanse framfor eigne tilsette. I eit slikt bilete vil ein spare lønsutgifter og i staden få kjøp av tenester frå andre. I praksis vil bruk av vikarbyrå koste noko meir. I Ål kjem bruk av vikarbyrå på toppen av ordinær løn.
- Kjøp frå andre kommunar – meirforbruk 9,3 mill. kroner.
Kjøp frå andre kommunar verker å ha budsjettpost på andre utgiftsgrupper. Rådmannen tek sikte på å gjere ei opprydding til økonomiplan 2023-2026.
- Kjøp frå andre – meirforbruk 17,8 mill. kroner.
Ål kommune kjøper ein del tenester frå institusjonar. I meirforbruket ligg også slikt kjøp som gjeld interkommunalt samarbeid. Dersom kjøpet er gjort på vegne av andre kommunar vil det vere ei tilsvarende inntekt som nøytraliserer meirforbruket.
Men Ål kjøper også tenester som er Ål kommune sine, mellom anna for ressurskrevjande tenester. Kommunen får refusjon for ein del kostnader til ressurskrevjande tenester, men aldri full dekning. Det kan virke som om ikkje alle kostnadene er budsjettet.



ÅL KOMMUNE

Utvikling av finanspostar

Finansinntekter (alle tal i heile 1.000 kroner)	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021	Rev. B 2021	Avvik
Renteinntekter	-3 152,9	-4 295,4	-3 009,0	-2 276,8	-1 751	-526
Utbytter	-23 611,5	-27 255,8	-30 288,1	-20 000,5	-19 700	-301
Totale frie inntekter	-26 764,4	-31 551,2	-33 297,1	-22 277,3	-21 451	-826

Kommentar:

Marginalt høgare finansinntekter enn budsjettert, men betydeleg lågare enn 2021.

Finansutgifter (alle tal i heile 1.000 kroner)	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021	Rev. B 2021	Avvik
Renteutgifter	6 600,1	8 699,2	7 286,7	5 285,9	5 538	-253
Avdrag på lån	16 055,3	15 886,5	19 790,8	20 220,7	20 045	176
Totale frie inntekter	22 655,4	24 585,7	27 077,5	25 506,6	25 584	-77

Kraftrelaterte inntekter

Ål kommune er definert som ein kraftkommune sjølv om kraftrettane dei siste åra ikkje har vore så lukrativt som tidlegare. 2021 endra på dette, langt på veg. Totalt er det likevel store tal som blir nytta inn i drifta til Ål kommune:

Kraftinntekter (alle tal i heile 1.000 kroner)	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021	Rev. B 2021	Avvik
Naturressursskatt - stipulert 2018-2020 + B 2021	-10 000,0	-10 000,0	-10 000,0	-12 630,0	-12 630	0
Eigedomsskatt	-18 180,0	-18 846,7	-21 775,2	-25 897,7	-21 500	-4 398
Utbytte frå Ål kraftverk KF	-23 354,0	-27 000,0	-29 500,0	-19 500,0	-19 500	0
Totale direkte kraftinntekter	-51 534,0	-55 846,7	-61 275,2	-58 027,7	-53 630,0	-4 398

Andre kraftrelaterte inntekter (alle tal i heile 1.000 kroner)	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021	Rev. B 2021	Avvik
Konsesjonsavgift - tilskot til næringstiltak	-6 828,0	-7 430,0	-7 430,0	-7 430,0	-7 200	-230
ECO Hafslund - tilskot til næringsfondet sin grunnkapital	-398,0	-398,0	-398,0	-398,0	-350	-48

Tal for naturressursskatt 2018:2020 samt Budsjett 2021 er stipulert. Naturressursskatten reknast med som inntekt i inntektssystemet.

Eigedomsskatt for Budsjett 2021 er stipulert. Meir-inntekt skuldast stort sett etterbetaling frå 2017 for Statnett SF.



ÅL KOMMUNE

Avvik frå budsjettramma og ressursbruk til tenesteproduksjon

Kommunen vedtek budsjettet på nettorammer, det vil seie eit kronebeløp som kan nyttast utover det budsjettområdet sjølv tek inn i inntekter. Årleg budsjettramme er avhengig av kva ein ventar av inntekter på avdelingsnivå (gebyr, brukarbetaling, refusjonar og tilskot) og på kommunenivå (skatt og rammetilskot). Tabellen syner regulert nettobudsjett opp mot faktisk nettoforbruk på dei største budsjettområda. Dette er same tal som i rekneskapen, Skjema 1B berre fordelt på 8 gruppeansvar/sektorar:

Budsjettområder - alle tall i heile 1.000 kroner	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021	Rev. B 2021	Avvik
0 - Til fordeling	-19 057,7	-18 520,9	-10 449,3	-30 445,5	-14 230	-16 216
1 - Administrasjon og fellestenester	42 083,4	40 819,2	41 755,8	45 143,6	46 749	-1 605
2 - Oppvekst	114 312,5	116 267,4	119 123,9	129 656,9	115 949	13 708
3 - Helse- og omsorg	126 691,7	133 604,1	146 287,7	161 951,0	137 557	24 395
5 - Kultur	11 335,7	10 471,6	11 411,7	10 152,1	11 835	-1 682
6 - Teknisk	48 151,4	53 185,0	55 704,3	55 541,9	54 924	618
8 - Andre einingar	7 740,6	7 569,0	6 529,1	5 501,5	6 195	-694
9 - Inntekter/ utgifter som ikkje er med på skjema 1A	349,9	-820,9	-1 091,2	-19,3	20	-39
Totalt	331 607,5	342 574,5	369 272,0	377 482,2	358 997,8	18 484

Tabellen er lik skjema 1B – Bevilgningsoversikt drift 2021 i rekneskapsdokumentet. Som ein kan sjå nyttar fleire områder vesentleg meir netto ein budsjett. Eit ev. meirforbruk kan ha vorte lovmessig finansiert ved bruk av bundne fond, sjå side 10 i dette dokumentet:

- Oppvekst 1,98 mill. kroner netto brukt av fond
- Helse& sosial – 1,67 mill. kroner netto brukt av fond
- Teknisk – 3,72 mill. kroner netto brukt av fond

Det er sektor 1 – 8 som er dei vesentelege i oppsettet. Dersom vi held sektor 0 og 9 vekte, så ser tabellen slik ut:

Budsjettområder - alle tall i heile 1.000 kroner	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021	Rev. B 2021	Avvik
1 - Administrasjon og fellestenester	42 083,4	40 819,2	41 755,8	45 143,6	46 749	-1 605
2 - Oppvekst	114 312,5	116 267,4	119 123,9	129 656,9	115 949	13 708
3 - Helse- og omsorg	126 691,7	133 604,1	146 287,7	161 951,0	137 557	24 395
5 - Kultur	11 335,7	10 471,6	11 411,7	10 152,1	11 835	-1 682
6 - Teknisk	48 151,4	53 185,0	55 704,3	55 541,9	54 924	618
8 - Andre einingar	7 740,6	7 569,0	6 529,1	5 501,5	6 195	-694
Totalt	350 315,3	361 916,3	380 812,5	407 947,0	373 208	34 739

Netto-utgiftene auka om lag med løns- og prisauke frå 2018 til 2019. Frå 2019 til 2020 auka netto-utgiftene med 8-10 mill. kroner meir enn løns- og prisauke – noko usikkerhet som følgje av Covid-19-pandemien dersom auka kostnad kom på sektoren og auka refusjon kom som rammetilskot. Den verkeleg store auka skjedde frå 2020 til 2021. Det er berre auka inntekter frå skatt og rammetilskot som gjer at kommunen kan levere eit tåleg bra resultat.

Dei to store sektorane hadde ei slik vekst i netto-utgifter frå 2018 (i %):

- Oppvekst – 13,4 %
- Helse- og omsorg – 27,8 %

For å illustrere ytterlegare; dei to store sektorane hadde ei slik vekst i netto-utgifter frå 2020 (i %):

- Oppvekst – 8,8 %
- Helse- og omsorg – 10,7 %



ÅL KOMMUNE

Kommunale investeringar 2021

Ål kommune legg opp til å investere betydeleg mykje meir enn vi makter å gjennomføre. I 2021 var det budsjettert med investeringar på 69,478 mill. kroner ekskl. mva., medan vi makta å gjennomføre tiltak for 24,28 mill. kroner. Budsjett 2021 er inklusiv re-investering av tidlegare års budsjett som ikkje er gjennomført, men som blir overført til nytt budsjettår.

Dei største prosjekta i 2021 var:

- Prosjekt 121 – Overføringsledning Votndalen med 5,823 mill. kroner
- Prosjekt 125 – Utsifting av maskiner veg og park med 3,12 mill. kroner.

Det vart ikkje teke opp nytt lån i 2021 ettersom unytta lånemidlar dekkja investeringane.

Rekneskapsdokumentet syner alle investeringsprosjekt.




Eigenkapital og gjeld

Fond

Fondsmidler er inndelt i fire grupper. Det er nokre vurderingar som må gjerast mellom nokre av gruppene, men det er meir marginalt i oversynet. Gruppene har nokre særpreg:

- **Bundne driftsfond** er øyremerkte midlar som berre kan nyttast til drift og dei føremåla dei er meint å dekke ved overføringa til kommunen. Når midlane er sett av til fond, så er det fordi dei ikkje er nytta til føremålet fullt ut i rekneskapsåret dei er mottekne. Midlane er ikkje til fri disposisjon for kommunestyret
- **Bundne investeringsfond** er øyremerkta til spesielle investeringsføremål. Kommunestyret kan ikkje omprioritere desse midlane
- **Ubundne investeringsfond** kan berre nyttast til investeringar og ikkje til driftstiltak. Kommunen kan sjølv disponere midlane
- **Disposisjonsfond** kan nyttast både til driftstiltak og til investeringstiltak. Kommunestyret bestemmer kva midlane skal nyttast til. Fylkesmannen rår kommunane til å bygge opp disposisjonsfond på meir enn 5 % av driftsinntektene. Dette gir kommunen moderat økonomisk handlefridom, alt over 5% gir følgjeleg betre handlefridom.

Fondskapital 2018-2021 (mill. kroner)





ÅL KOMMUNE

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter:

	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021
Disp.fond i % av brtto. driftsinnt.	9,0 %	10,9 %	13,3 %	15,4 %

Disposisjonsfondet til Ål kommune er bra og inkluderer i 2021 det rekneskapsmessige mindreforbruket i 2021.

Tala er egentleg betre ettersom prosentdelen blir rekna ut frå dei totale driftsinntektene. Dei totale driftsinntektene er blåst opp ein del som følgje av inntekter frå andre kommunar ettersom Ål er vertskap for fleire interkommunale samarbeid.


Gjeld

Lånegjelda kan vere ei utfordring ettersom ein skal betene renter og avdrag med ordinære driftsinntekter. Risikoen er sjølvstøtt også at rentenivået kan endre seg. Dei siste åra har rentekostnadene vore låge. Dei er på veg opp.

Ein kommune lånar ofte til fleire føremål, der t.d. sjølvkost-investeringar i dei aller fleste tilfelle blir finansiert med lån. Ein bør vite om at sjølvkostlån eigentleg ikkje er kommunen sine lån, men forbrukarane.

Sameleis gjeld også Startlån som ikkje er kommunen sin lån, kommunen berre formidlar staten sine lån.

Lånegjeld 2018 - 2021 (mill. kroner)



Det vart ikkje teke opp nye lån i 2021, men nytta av unytta lånemidlar for lån som vart teke opp tidlegare.

Det står att 28,1 mill. kroner som unytta lånemidlar pr. 31.12.2021.



ÅL KOMMUNE

Nokre forholdstal:

KS definerer ei gjeldsbelastning på mellom 65 % og 75% av brutto driftsinntekter som akseptabelt nivå.

Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter:

	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021
Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	62,9 %	78,3 %	71,8 %	69,0 %
Korr. Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	37,3 %	47,9 %	44,1 %	41,0 %

I tabellen er rekna all gjeld i kommunen samt korrigert for det som ikkje er gjeld som kommunen har teke opp til sine egne føremål.

Lånegjeld pr. innbyggjar:

	R 2018	R 2019	R 2020	R 2021
Lånegjeld pr. innbyggjar - kroner				
Lånegjeld pr. innbyggjar	81 500	103 900	99 100	95 200
Korr. lånegjeld pr. innbyggjar	48 300	63 500	60 900	56 700

I tabellen er rekna all gjeld i kommunen samt korrigert for det som ikkje er gjeld som kommunen har teke opp til sine egne føremål.

Vår total låneportefølje inkluderer lånet i samband med utbygginga av helsebygget. Vestre Viken betalar husleige til Ål kommune, og inntektene vert brukt til å betene delar av lånet.

Ål kommune har pr. 31.12.2021 eitt lån i Kommunalbanken med fastrente på 2,3 %. Elles har låna flytande rente. Dette har fram dei siste åra fram til no vore gunstig for kommunen. Kommunen har berre plassering av midlar i bankinnskot, ikkje i fond eller som finansplassering, jf. vedteke finansreglement.



ÅL KOMMUNE

Organisasjon og medarbeidarar

Ål kommune kan også i 2021 vise til eit godt regnskapsresultat innan HR. Kommunen sine 650 tilsette er den viktigaste ressursen vi har for å kunne gi innbyggjarane våre eit tenestetilbod av høg kvalitet. Sjølv om drifta har normalisert seg, har HR-arbeidet framleis vore prega av korona-situasjonen som gjorde at ein del aktivitetar ikkje kunne gjennomførast. I år har våre rekrutteringskostnader auka, men reduserte kostnader på kompetanseheving har ført til eit positivt driftsresultat.

REKRUTTERING/ KOMPETANSE

Også året 2021 var prega av jakta etter den rette kompetansen for å gje dei tenester som våre innbyggjarar har krav på. Ei utfordring er kompetanse innan helse, pleie og omsorg. Vi konkurrerer med andre kommunar i Hallingdal om den same kompetansen, noko som fører til auka forventning om løn. Det er ei utfordring å halde på den gode kompetansen dei tilsette sit med, samstundes som vi må rekruttere ut ifrå dei behova vi til ei kvar tid har.

Kommunen opplever ei utfordring i rekruttering til leiarstillingar. For å trygge søkarar på at dei vil få god oppfølging og støtte i ei leiande stilling har kommunen utvikla eit internt leiarutviklingsprogram «Til topps». I 2021 har 12 leiarar, assisterande leiar, team-leiar og medarbeidarar med interesse for leiing delteke på tre samlingsdagar. Dei har også fått individuell rettleiing. Programmet fortsett i 2022 for denne gruppa med tre samlingsdagar og ressursgruppemøter i 2022/2023. Tilbodet blei nemnt i stillingsannonser.

Kommunen legg til rette for at medarbeidarane skal kunne auke kompetansen sin. I 2021 har handteringa av korona-situasjonen og organiseringa av drifta rundt dette teke opp mykje av ressursane.

LEIING OG MEDARBEIDERSKAP

God leiing på alle nivå samt motiverte medarbeidarar er nykelen til suksess. Ål kommune har satsa på å styrke kommunalt leiarskap, m.a. gjennom avdelingsleiar møter med fagleg påfyll og workshops med relevante tema. På grunn av smitteverntiltak vart desse noko redusert i 2022.

Ål kommune har fått eksterne midlar til eit felles leiarutviklingsprogram for fem interesserte Hallingdalskommunar i regi av KS-konsulentar (tre kursdagar i lærings-, endrings-, innovasjons- og utviklingsleiing). Disse er gjennomført hausten 2021 med stor suksess.

Kommunen har vidare eit internt opplæringsprogram spesielt retta mot leiarar, verneombod, tillitsvalde og andre interesserte medarbeidarar. Tema for samlingane er m.a. samarbeid i omstillingsprosessar, gjennomgang/opplæring i HMS-relaterte tema, bruk av IKT-systema/-verktøy og økonomi. Vidare har vi i 2021 begynt med ei kursrekke om medarbeiderskap for einskilde avdelingar i regi av KS. Her har leiarar og medarbeidarar i utvalde avdelingar frå ulike sektorar jobba saman om tema som kulturbygging, meistringsklima, endring og tenestedesign. I tillegg har både Kulturhuset og Miljøterapiteneste hatt eigne kursdagar om kulturbygging med KS-konsulentar.

HR har hatt ein workshop med medarbeidar i fem forskjellige avdelingar om «Tilbakemeldingskultur»



ÅL KOMMUNE

INNOVASJON - ORGANISASJONSUTVIKLING

Kommunen har i 2021 gjennomført ein kursdag om Innovasjons- og utviklingsleiing, sjå førre side. I 2021 vart arbeidet med prosjektet «Familiens hus» med føremål å yte betre og meir samlande tenester for barn og unge avslutta som forprosjekt. Kommunestyret gjorde vedtak om å opprette ei avdeling «Familiens hus» og «Avdeling meistring for vaksne».

2022-2024

Eit framtidig mål er å utvikle organisasjonen med fokus på kvalitet i tenestene til innbyggjarane, sterkare tverrfagleg samarbeid, digitalisering og gode leiarspenn. Det er behov for å stimulere eigenutvikling blant medarbeidarane for å kunne møte kompetansekrav som regjeringa pålegg oss og for å følgje den raske samfunnsutviklinga og digitaliseringa som vi opplever. Dette skal skje samstundes med at vi produserer varer og tenester på eit høgt nivå.

HMS – HELSEFREMMANDE ARBEID

Kommunen har eit mål om at alle dei tilsette skal kjenne tryggleik og arbeidsglede på arbeidsplassen. Vernetenesta og Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er ei viktig ressurs for å nå dette målet. HR- har hatt to innlegg for verneomboda om varsling og arbeidsglede i 2021.

Ål kommune har medlemskap i HAVA BHT og utarbeider årleg ein aktivitetsplan. Delar av aktivitetsplanen er timar som kan brukast til individuell rettleiing ved behov. Alle leiarar og verneombod gjennomfører grunnkurs i arbeidsmiljø i regi av HAVA BHT. Kommunen har laga ei ny rutine for å ta vare på medarbeidar ved uthenging i sosiale medium.

I februar 2021 vart det gjennomført ei medarbeidarundersøking som blir fylgd opp i tråd med KS sin 10-faktor-modell. Avdelingane jobba aktivt med utvalde tema og med arbeidsmiljøet.

NÆRVÆRARBEID

Medan sjukefråvær i kommunen (legemeldt og eigenmeldt fråvær) før korona har vore på 7,1% og 7,2 %, var talet i 2021 som forventta noko høgare og låg på 8 %, i hovudsak som følgje av fråvær grunna karantene og forkjølingssymptom (mistanke om smitte med Covid-19) og biverknader av vaksiner. Samanlikna med Norges gjennomsnitt i kommunal sektor på 10 % har tala i det store biletet vore bra, men vi fortsett arbeidet for å førebygge og redusere sjukefråværet .



ÅL KOMMUNE

LIKESTILLING OG LIKELØN

Ål kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass og kjønnsfordelinga har vore stabil over tid. Kommunen følgjer gjeldande lovar, forskrifter og tariffavtalar som kan bety noko for likestilling mellom kjønna. Kommunen arbeider for likestilling og mot diskriminering i alle prosessar i kommunen si verksemd.

Kvinner utgjer meir enn 80 % av kommunen sine tilsette. Kommunen speglar eit typisk bilde der kvinner vel omsorgsyрке, barnehage og skule. Kommunen har ein stor prosentdel kvinner i leiarstillingar. På toppleiarnivå og i rådmannsteamet er det eksempelvis 71 % kvinner; 5 kvinner og 2 menn.

I kommunal sektor tener kvinner i gjennomsnitt litt mindre enn menn. Ulikt lønnsnivå kjem i hovudsak av ulik stillingsplassering og utdanning. Kommunen sin lønnspolitikk skal sikre lik utvikling av løn for kvinner og menn. Det er til kvar tid fokus på likelønn innafor same yrkeskategori. Dette er særleg aktuelt ved nyrekruttering og ved lokale lønnsforhandlingar. Likestillingsprinsippet gjeld også kvalifiserte søkjarar med innvandringsbakgrunn. Ved tilsettingar er kommunen opptatt av å tilby heiltidsstillingar så langt som mogleg.

KOMMUNEN - DØROPNAR TIL YRKESLIVET

Kommunen er ein viktig praksisarena og døropnar til yrkeslivet. Også i 2021 har Ål kommune hatt fleire tilsette på forskjellige tiltak. Dette er eit viktig arbeid med tanke på integrering av dei med lågare funksjonsevne og/eller arbeidstakarar som av andre årsaker treng arbeidstrening, språktrening eller anna. Ål kommune hadde 7 lærlingar i 2021 i helsefagarbeidarutdanning og i veg- og anleggsfaget.

ETISK STANDARD

Ål kommune har eigne etiske retningslinjer. Høg etisk standard krev ein stadig prosess der det er open kommunikasjon og refleksjon rundt etiske problemstillingar på dei ulike arbeidsplassane i organisasjonen.

Dei etiske retningslinjene er ein del av kommunen sin arbeidsgjevarstrategi og eit tema i introduksjonen for nye tilsette. Etisk refleksjon i det daglege er viktig for å styrke og utvikle den etiske standarden som skal kjenneteikne Ål kommune.

Rådmannen har etiske retningslinjer som tema på leiar-samlingar.

INTERNKONTROLL

Det er etablert internkontroll i kommunen. Mange rutinar som skal sikre internkontrollen er skriftlege, men diverre ikkje alle. I kva for grad internkontrollen fungerer har ein fått prøvd i løpet av 2021 ettersom det har vore stort sjukefråvær blant tilsette i rådmannen sin stab. Det er ved større fråvær ein veit kor bra eit system fungerer. Fråvær av nykelpersonar samt skifte i sentrale posisjonar har ført til at rådmannen har vore nøydd til å prioritere annleis enn kva som normalt hadde vore tilfelle.

Situasjonen har også avdekkja at det er eit stykke arbeid å gjere før vi er i mål. Stor takk til revisjonen for bistand i situasjonen.



Rådmann, service-tenester, personalkontor og IKT

Service-tenester yter tenester til både interne og eksterne brukarar. Avdelinga har fram til kalenderåret 2021 hatt fagområde innan rekneskap, løn, post/arkiv, politisk sekretariat, servicetorg med ansvar for heimesider, intranett, Facebook, kvalitetssystem, personvern, informasjonssikkerheit og sakshandsaming på ulike felt. Avdelinga representerer åtte ulike regionale grupper: økonomi, løn, web, servicetorg, telefoni, kontor/arkiv, informasjonssikkerheit og personvernombod.

Covid-19 har satt sitt preg også på 2021 og kommunehuset har vore stengt i periodar av året. Bruk av den digitale møteplassen Teams har vore nytta både ved eksterne og interne møter. Det har fungert tilfredsstillande, men er ikkje som fysiske møtestader.

Service-tenester har hatt særskilt mykje sjukefråvær og dei som har vore heldige og vore friske har vore utsett for eit stort arbeidspress. Mykje utviklingsarbeid har diverre vorte liggande i 2021, det gjeld mellom anna digitalisering av mange oppgåver som vil effektivisere kvardagen.

NETTO REKNESKAP OG BUDSJETT – RÅDMANN MED STAB (ALLE SUMMAR I HEILE 1000 KR)

Ansvar 1010,1020,1050,1060 – Artar 10000:19999

H arts	Artsgruppe	R 2021	B 2021	Avvik i NOK	R 2020
10	Løn inkl sosiale utgifter	17 832	17 513	319	15 948
11	Kjøp av varer og tjen som inngår	16 044	17 217	-1 173	13 322
13	Kjøp av vare og tjenester som erstatter	2 594	1 744	850	3 124
14	Overføringer	1 361	2 133	-772	3 637
15	Finansutg	10	0	10	581
16	Salgsinnt	-370	-605	235	-450
17	Refusjoner	-3 046	-1 512	-1 534	-2 518
19	Finansinnt	-367	-496	129	-902
	Sum	34 059	35 994	-1 935	32 743

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet har vore totalt 12,2 % i 2021. Av dette er korttidsfråveret 2,2 % og følgjeleg langtidsfråværet 10,0 %. Det meste av fråværet har vore på hausten og nokre månader har t.d. berre to av tre arbeidstakarar vore på jobb på service-tenester.

Mål og utfordringar 2022

- Utvikle bruken av det nye saks-/arkivsystem, Elements
- Ta i bruk rekrutteringsmodulen Easycruit
- Ta i bruk moduler i løns- og personalsystemet
- Få kontroll på sjukefråværet



ÅL KOMMUNE

Oppvekst

REKNESKAP OG BUDSJETT - OPPVEKST – SAMLA (ALLE SUMMAR I 1.000 KR)

Ansvar 2000:2999 - artar 10000:19999

	R 2021	B 2021	Avvik	R 2020
10 Løn inkl sosiale utgifter	149 963	127 158	22 805	138 399
11 Kjøp av varer og tjen som inngår i tjenesteproduksjon	10 416	7 390	3 026	9 262
13 Kjøp av varer og tjenester som erstatter tjenesteproduksjon	1 234	750	484	1 679
14 Overføringer	1 455	350	1 105	2 928
15 Finansutg	499	0	499	3 771
Sum utgifter	163 566	135 648	27 918	156 039
16 Salgsinnt	-8 200	-8 012	-188	-7 208
17 Refusjoner	-25 205	-11 687	-13 518	-25 934
18 Overføringer	-288	0	-288	-3
19 Finansinnt	-2 196	0	-2 196	-5 562
Sum inntekter	-35 889	-19 699	-16 190	-38 706
Totalt - netto	127 677	115 949	11 728	117 333

NETTO REKNESKAP OG BUDSJETT – OPPVEKST – FORDELT PÅ ANSVAR (ALLE SUMMAR I HEILE 1000 KR)

Ansvar 2000:2999 - artar 10000:19999

Ansvar:	Ansvar - tekst	R 2021	B 2021	Avvik
2000	Oppvekst-leiar - utg.	5 469	4 294	1 174
2000	Oppvekst-leiar - innt.	-1 192	-374	-818
	Netto-utgift:	4 277	3 920	357
2010	PPT for Ål og Hol - utg.	7 572	6 624	948
2010	PPT for Ål og Hol - innt.	-4 362	-3 412	-950
	Netto-utgift:	3 211	3 212	-1
2020	Barnehagar - felles - utg.	88	179	-91
2020	Barnehagar - felles - innt.	-85	0	-85
	Netto-utgift:	3	179	-176
2021	Nordbygdane barnehage - utg.	4 876	4 288	588
2021	Nordbygdane barnehage - innt.	-912	-753	-159
	Netto-utgift:	3 964	3 535	429
2022	Skattebøl barnehage - utg.	5 111	4 512	599
2022	Skattebøl barnehage - innt.	-1 159	-753	-406
	Netto-utgift:	3 952	3 759	193



ÅL KOMMUNE

Ansvar:	Ansvar - tekst	R 2021	B 2021	Avvik
2023	Sundre barnehage - utg.	16 686	15 351	1 335
2023	Sundre barnehage - innt.	-3 634	-2 015	-1 619
	Netto-utgift:	13 052	13 336	-284
2024	Torpo barnehage - utg.	5 281	4 720	561
2024	Torpo barnehage - innt.	-781	-653	-128
	Netto-utgift:	4 500	4 067	433
2025	Sando kommunale barnehage - utg.	6 411	5 254	1 157
2025	Sando kommunale barnehage - innt.	-1 931	-883	-1 048
	Netto-utgift:	4 480	4 371	109
2030	Skular felles - utg.	3 799	3 487	312
2030	Skular felles - innt.	-266	0	-266
	Netto-utgift:	3 533	3 487	46
2031	Nordbygdene skule - utg.	10 403	8 517	1 885
2031	Nordbygdene skule - innt.	-1 920	-1 050	-870
	Netto-utgift:	8 483	7 467	1 015
2032	Nedre-Ål skule - utg.	28 791	21 991	6 799
2032	Nedre-Ål skule - innt.	-4 969	-1 075	-3 894
	Netto-utgift:	23 822	20 916	2 905
2034	Skattebøl skule - utg.	8 064	6 522	1 542
2034	Skattebøl skule - innt.	-1 211	-545	-666
	Netto-utgift:	6 853	5 977	876
2035	Torpo skule - utg.	9 903	7 857	2 046
2035	Torpo skule - innt.	-2 215	-1 020	-1 195
	Netto-utgift:	7 688	6 837	851
2037	Ål ungdomsskule - utg.	30 391	24 675	5 716
2037	Ål ungdomsskule - innt.	-3 298	-1 700	-1 598
	Netto-utgift:	27 093	22 975	4 118
2050	Musikk- og kulturskule - utg.	4 415	3 851	564
2050	Musikk- og kulturskule - innt.	-1 581	-1 182	-399
	Netto-utgift:	2 834	2 669	165
2060	Leirskule - utg.	1 110	669	441
2060	Leirskule - innt.	-1 666	-669	-997
	Netto-utgift:	-556	0	-556



Ansvar:	Ansvar - tekst	R 2021	B 2021	Avvik
2080	Helsestasjon - utg.	5 901	4 432	1 469
2080	Helsestasjon - innt.	-1 293	-640	-653
	Netto-utgift:	4 608	3 792	816
2090	Ål introsenter - utg.	8 919	8 425	494
2090	Ål introsenter - innt.	-2 963	-2 975	12
	Netto-utgift:	5 956	5 450	506
2099	Oppvekst - øyremarka midlar - utg	378	0	378
2099	Oppvekst - øyremarka midlar - innt	-453	0	-453
	Netto-utgift:	-75	0	-75
	Totalt helse- og omsorg - utgift	163 568	135 648	27 917
	Totalt helse- og omsorg - inntekt	-35 891	-19 699	-16 192
	Netto-utgift:	127 677	115 949	11 728

Kommentarar til rekneskaper for 2021:

Skuleområdet har meirforbruk på kr. 10,1 mill. Dette er i all hovudsak løn. Mange elevar med store behov for ekstra oppfølging, tilrettelegging og spesialpedagogisk opplæring fører med seg tilsetting av fleire vaksne enn ressursmodellen har tatt høgde for. Talet elevar med stort hjelpebehov har auka sidan 2020.

I tillegg kjem eit generelt meirforbruk på pensjon KLP. Dette skuldast høgare reguleringspremie og gjev eit meirforbruk dette året. Rådmannen har tankar om å få nøytralisert dette elementet slik at ikkje tilfeldige hendingar utanfor avdelinga sin kontroll verkar på resultatata til avdelingane. Endring vil skje seinast med verknad budsjett 2023.

For barnehagane er overskridingane på kr. 0,7 mill.

Det er i all hovudsak meirforbruk på pensjon i heile sektoren – det igjen skuldast reguleringspremie som har vore for lågt budsjettert. Dette har ikkje einingane kontroll på.

I PPT for Ål og Hol er det budsjettbalanse

For kulturskulen syner rekneskapet eit overforbruk på ca. 165 000. Det handlar særleg om overforbruk på kjøp av tenester og varer.

Ål introsenter har eit overforbruk på kr. 500 000. Det er i hovudsak for lågt budsjettert utgifter til grunnskulesamarbeidet med Gol kommune og lågare inntekter på refusjon frå Hol kommune.

Ål helsestasjon hadde eit meirforbruk på 800 000. Det er i all hovudsak utgifter knytt til smittesporing og anna koronaarbeid, men aller mest er det utgifter knytt til innleige av jordmorvikar frå vikarbyrå.

For oppvekstsjefens stab og kontor er det overforbruk på 360 000. Det gjeldt lønspostar som er for lågt budsjettert på KLP.



ÅL KOMMUNE

TENESTEPRODUKSJON 2021

Ål introsenter:

Ål kommune vart oppmoda om å busette 14 flyktningar i 2021. Det vart busett 6 overføringsflyktningar i juni og 7 i desember, totalt 13 personar. Kommunen er oppmoda om å busette 17 flyktningar i 2022. Hol kommune er oppmoda om å busette 10 flyktningar i 2022.

2021 har vore prega av koronatiltak. Vi møtte på ekstra kostnader ved t.d. smittetransport ved henting av flyktningar på Gardermoen, samt utfordringar med å gi burettleing til nykomne personar i karantene.

I periodar med nedstenging har vi følgd opp brukarane våre på telefon og via teams. Det har vore ei vanskeleg periode for mange. Fleire har mista deltidsjobbane sine, og saknet etter møteplassar har vore stort. Grunna korona har fleire planlagde arrangement vorte avlyst.

Avdelinga følger opp ca. 70 flyktningar med butid på 5 år eller mindre. Vi har dei siste åra stort sett busett overføringsflyktningar (også kjent som kvoteflyktningar), som kjem rett til Noreg og Ål frå flyktningleir. Dei er meir sårbare, mange har helseutfordringar og dei har større behov for tett oppfølging enn det vi har sett tidlegare. Blant anna har mange behov for heilt grunnleggjande kunnskap om korleis bu i eit hus, korleis ta ansvar for eigen økonomi og oppfølging av barn og familie. Her er det viktig å vere tett og tidleg på. Det er også ein lang veg å gå når det gjeld kvalifisering til arbeidslivet, både i høve til formell kompetanse og språk. Sjølv om kommunen ikkje buset fleire personar no enn for nokre år sidan, er situasjonen meir ressurskrevjande for avdelinga og for kommunen.

Det var 15 deltakarar i introduksjonsprogrammet pr. 30.6.21. Det er også elevar på grunnskule for vaksne på Gol og på Ål og Gol vidaregåande skule.

Det var innført ny integreringslov 1.1.21. som stiller høgare krav til kommunen. Alle deltakarar i introduksjonsprogrammet skal ha grundig kartlegging, karriererettleing, integreringsplan og jamleg oppfølging. I tillegg til opplæring i norsk- og samfunnskunnskap skal dei ha språkpraksis, kurs i livsmeistring, foreldrerettleing m.m. Dei skal også ha fullt program i skuleferiane (minus juli).

Avdelinga har mykje samarbeid med andre avdelingar, som til dømes helsestasjon, psykisk helse, skule og barnehage. Tverrfagleg samarbeid er viktig for å gje denne gruppa brukarar god oppfølging. For å få gode resultat i integreringsarbeidet er det viktig at heile kommunen spelar på lag og ser busetting av flyktningar som ei felles oppgåve. Vi har i 2021 difor etablert eit nytt tverrfagleg forum, der vi møtast på tvers på å førebu og følgje opp busettingar på tvers av skule, barnehage, helse m.m. Vi har også eit tett samarbeid med dei andre flyktingtenestene i Hallingdal /Flyktingforum i Hallingdal) og NAV (samarbeidsavtale om introduksjonsprogrammet, samt samarbeid om etablering, økonomi og arbeid).

Ål introsenter har i samarbeid med næringsutviklar og organisasjonen «Sammen om en jobb» fått kr. 343.000,- til eit mentorprogram for innvandrarar i Hallingdal med høgare utdanning eller fagbrev, som skal komme i gang i 2022.



ÅL KOMMUNE

Ei viktig oppgåve for avdelinga er haldingsskapande arbeid; fokus på ressursar, legge til rette for nettverksbygging og møteplassar, og førebygge «vi og dei»-tankar. Julekalenderen vår på Facebook, der vi kvar dag presenterte høgtidstradisjonar hos elevane våre, var eit bidrag til dette. Avdelinga var også med å arrangere FN-dagen på Ål kulturhus, der vi mellom anna inviterte Amal Aden for å halde foredrag, arrangerte språkkafe m.m. Hausten 2021 arrangerte vi også foredraget «Griseflax» med Ali Muhammed saman med Ål frivilligsentral og Folkeuniversitetet.

Kulturskulen:

Det vart eit særskilt år på alle vis, men vi er takksamme for å ha ein lærarstab som evner å finne løysingar og strekke seg langt for eleven. Kulturskulen har bistått skulene i koronavenlege DKS-prosjekt der det har vore mogleg.

Kulturskulen på Ål ynskjer å være ein del av og drive fram samtida. Kva er det som utfordrar oss og kva ynskjer me å gje elevane? Ein stor del av å drive kunst og kultur for born og unge er å gje plass til individet. Å sjå og akseptere heile mennesket. Då me ville arrangere bygdepride på Ål, fekk me kjenne på både motstand og medvind. Det opna rommet vårt og arbeidet med å gje plass til alle.

Sommaren starta med ein noko amputert festival. Men trass halve salar fekk alle syne seg fram. Vi avslutta sommaren med ei veke Augustdans med massiv økonomisk støtte og hadde profesjonelle dansepedagogar frå Oslo ei veke før skulestart. I haust kunne me fordjupe oss i teknikken og lære oss nye notar, rytmar, saumar, manus og formar. Me kunne sjå fram til å stå på scena igjen! Det vart ein haust med FN-dag, med fokus på berekraftsmål, der elevane atter imponerte med kulturelle innslag og ekte engasjement.

Hallingdal Dansekompani er fordjupingsprogrammet til dans i Hallingdal. I år har dei verkeleg fått bryne seg. Eit av høgdepunkta var å danse med Camilla Spidsøe Cohen frå Den Norske Opera og ballet.

Jordmortenesta : Heimebesøk etter fødsel i løpet av 1-4 dagar etter heimkomst frå fødeavdeling er kun gjennomført på slutten av året. På grunn av jordmormangel frå januar til juni har vi hatt redusert jordmor teneste i svangerskap. Hatt jordmorvikar og gravide har også hatt noen kontroller hos fastlege.

Helsesjukepleiar barn 0-5 år. De fleste har fått heimebesøk av helsesøster i løpet av de 10 første dagen etter heimreise frå sjukehus. Noen har og fått 2 heimebesøk av helsesjukepleiar pga. jordmormangel. Barselgrupper er gjennomført i små grupper, og vi har ikkje hatt tematreff pga. koronasituasjonen. Ikkje gjennomført felles møter for helsesjukepleiarar i Hallingdal på grunn av covid-19. Har hatt økt kontakt med foreldre for støtte og samtale.

Helsesjukepleiar i skulane: Ikkje gjennomført felles møter med skulehelseteneste i Hallingdal på grunn av covid-19.



ÅL KOMMUNE

PPT Ål og Hol:

2021 var preget av til dels stor vakanser. Uheldige omstendigheter har ført til lange sykemeldinger på to av våre ansatte. PPT har et system gjennom teamorganisering som klarer å kompensere noe for fravær. Fraværet har dessverre blitt så høyt at organiseringen ikke har hjulpet. Dette har ført til ytterligere prioriteringer ved at internmøter er skalert ned og at leder har gått over i saksbehandling og oppfølgingsarbeid for sykemeldte. Dette er en situasjon vi har hatt over tid og har ført til ekstra belastning for ikke-sykmeldte.

Covid-19 situasjonen har ført til nasjonale og lokale tiltak som har medført ekstra utfordringer knyttet til oppfølging av individualsaker. Spesielt har det gått utover fysisk nærvær. Høy sykemeldingstall blant ansatte i skoler og barnehager har også vært en utfordring.

Når det gjelder systembaserte tjenester, har dette arbeidet økt på. Dette har blant annet sammenheng med kvalitetsmålet «tett og tidlig på». Gjennom primærkontaktarbeidet er det etablert en tett dialog og møtestruktur mellom PPT og skole/barnehage. Dette er en arbeidsmodell/struktur som PPT, skole og barnehage har jobbet etter i flere år. Fra 01.08.20 har vi prøvd ut en 100% stilling til oppfølging av pedagoger, elevgrupper og klasser. Dette arbeidet tok form utover høsten 2020, noe vi blant annet ser igjen som bedre kvalitet i undervisning og færre re-tilmeldte- og tilmeldte saker i 2021. Det var dessverre ikke rom for å kunne opprettholde en 100% systemstilling. Denne stillingen er nå fordelt på 50/50 individ og system.

Barnehagane:

Generelt fleire barn i alder 0-3 i barnehagane enn før. Det er gledeleg sjølv om barnetalet i kommunen går ned. Barnehagane har på gult nivå (januar-juli) hatt ein time redusert opningstid. Det har gitt større vakanse-tettleik i barnehagane og gitt ungane betre kvardagar. Frå været har vore stort i barnehagane og alt for mange dagar har det vore i grenseland når det kjem til tal vaksne i barnegruppene. Dei tilsette i barnehagane fortentar all honnør for jobben dei la i barnehagane i 2021.

Skulane:

Heimeskule og digital skule har vore praktisert i noko grad. For det aller meste har skulene heldt ope og gjennomført såkalla ordinær undervisning i ei ikkje-ordinær tid. Det har vært gjort ein stor jobb av tilsette i skulene for å legge til rette og slik syte for at elevane har fått best mogleg dag.

Sektor generelt:

Også oppvekstkontoret har hatt høgt og ustabil fravær gjennom 2021. Det har hatt innverknad på tenesteproduksjon.

Det har vore svært utfordrande å skapa gode kvardagar for borna og vaksne grunna reglar for karantene, isolasjon, symptom på luftveggssjukdom og meir. Mange raske endringar på kort varsel, mangel på vikarar og uføreseielege dagar har også vore krevjande for tilsette.

Også for leiarane vore har det vore lange periodar med særleg mykje fokus på sjukefravær, mangel på vikarar, sette seg inn i reglar og drive smittevern, oppgåver ein ikkje får gjort og mange har hatt oppleving av å ikkje meistre. Eg er som sektorleiar særleg stolt av den haldninga og viljen dei har vist til å få til dei beste løysingane for alle våre tilsette, ungar og deira føresette.



ÅL KOMMUNE

Me ser i tabell at ikkje all frávær er registert og at nokre avdelingar syner lågt frávær, men har i realitet høgare fráværspersent. Dette må vi få kontroll på.

Ansvar	Avdelingsnamn	Eigenmeldt frávær	Dokumentert fravær	Totalt
2000	Oppvekstkontoret	1,2	3,2	4,4
2010	PPT	2,6	16,8	19,4
2021	Nordbygdane bhg	2,4	0,1	2,5
2022	Skattebøl bhg	1,6	4,3	5,9
2023	Sundre bhg	2	8	10
2024	Torpo bhg	2,5	1	3,5
2025	Sando bhg	0,8	11,4	12,2
2030	Oppvekstleiar	1	0	1
2031	Nordbygdane skule	1,6	0,2	1,8
2032	Nedre-Ål skule	1,8	7,2	9
2034	Skattebøl skule	2,7	9,5	12,2
2035	Torpo skule	1,1	3,7	4,8
2037	Ål ungdomsskule	2,1	2,4	4,5
2050	Musikk - og kulturskule	0,7	7,2	7,9
2060	Leirskule	0,3	0	0,3
2080	Helsestasjon	2,1	7,4	9,5
2090	Ål introjenter	5,8	0	5,8

Kultur

Kulturkommunen 2021

2021: Prisdryss til kultur- og nynorskkommunen Ål!

Publikum og tilsette såg fram mot 2021 med håp om utflating i koronapandemien og gjenopning av idretts- og kulturtilbod. Sjølv om året tidvis baud på lettingar i restriksjonane, særleg i sommarhalvåret, vart både det profesjonelle og frivillige kultur- og idrettslivet råka hardt av smittevernsreglar også i 2021.



Resultatet vart difor som i 2020; lite aktivitet, mange avlyste arrangement og store inntektstap. Utover året kom det også tydelegare fokus på dei langtidsrekkande konsekvensane av koronapandemien på kulturlivet: Frivillige lag og organisasjonar meldte om fråfall og utfordringar knytt til rekruttering av nye medlemmer, det var kompetanseflukt i scenetekniske yrker, og store, etablerte arrangement i Ål var usikre på om dei kunne bygge seg opp att etter pandemien.

Samstundes kan ein slå fast at 2021 var året ein lærte seg å gjennomføre kultur- og idrettsaktivitetar med ekstra beredskap. Kulturlivet og frivillige lag og organisasjonar har såleist vist ei stor dugnadsvilje og fleksibilitet. Ein har handtert stadig skiftande retningslinjer. Koronatida har vore ei endringstid der nye kulturuttrykk for alvor har fått fotfeste, særleg blant born og unge. Kulturlivet «post korona» vil ikkje sjå likt ut som før me gjekk inn i pandemien.

To høgdepunkt for kulturkommunen Ål i 2021 var at me under Arendalsveka i august vart kåra til «Norges kulturkommune 2021-2023» og at me i november fekk prisen «Årets nynorskkommune». Prisane gjev stor motivasjon og ny giv i arbeidet med å løfte det lokale kulturlivet, og set sit preg på åra framover. I desember 2021 gjekk også startskotet for «Frivilligheitsåret», som blir eit stort prosjekt i heile 2022.



ÅL KOMMUNE

REKNESKAP OG BUDSJETT – KULTURSEKTOR (ALLE SUMMAR I 1.000 KR)

Ansvar 5000:5030 – Artar 10000:19999

	R 2021	B 2021	Avvik	R 2020
10 Løn inkl sosiale utgifter	9 457	10 167	-710	8 503
11 Kjøp av varer og tjen som inngår	5 585	3 886	1 699	3 493
13 Kjøp av vare og tjenester som erstatter	14	24	-10	0
14 Overføringer	2 561	1 994	567	2 869
15 Finansutg	102	0	102	364
Sum utgifter	17 719	16 071	1 648	15 229
16 Salgsinnt	-3 489	-3 519	30	-2 350
17 Refusjoner	-3 457	-718	-2 740	-1 005
18 Overføringer	-76	0	-76	-1
19 Finansinnt	-49	0	-49	-596
Sum inntekter	-7 072	-4 237	-2 835	-3 952
Totalt - netto	10 647	11 835	-1 187	11 276

Kommentar:

Det er eit mindreforbruk på alle 3 avdelingane, i heile tusen: 50' biblioteket, 684' kulturhuset og 896' kulturkontoret. Underforbruket i Kulturkontoret skuldast delvis innbetaling av kr 800 000 i spelemiddeltilskot frå Viken, etter ferdigstilling av sykkelstig Trettestølane-Lya hausten 2021. Midlane skal overførast til disposisjonsfondet.

Kulturkontoret**REKNESKAP OG BUDSJETT – KULTURADM (ALLE SUMMAR I 1.000 KR)**

Ansvar 5000 – Artar 10000:19999

	R 2021	B 2021	Avvik	R 2020
10 Løn inkl sosiale utgifter	1 832	1 510	322	1 532
11 Kjøp av varer og tjen som inngår i kommunal tenesteproduksjon	380	132	248	294
13 Kjøp av vare og tjenester som erstattar komm. tenesteproduksjon	14	13	1	0
14 Overføringer	1 924	1 994	-70	2 550
15 Finansutg	102	0	102	133
Sum utgifter	4 251	3 649	602	4 509
16 Salgsinnt	-23	0	-23	-7
17 Refusjoner	-1 425	0	-1 425	-223
18 Overføringer	-1	0	-1	-1
19 Finansinnt	-49	0	-49	-94
Sum inntekter	-1 498	0	-1 498	-325
Totalt - netto	2 753	3 649	-896	4 184

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet har vore på totalt 5,8 % i 2021. Av dette er korttidsfråveret 1,6 %.



ÅRET 2021

- Tolke smittevernreglar med ulike anbefalingar frå fleire forvaltningsnivå. Avklare økonomiske og praktiske spørsmål knytt til både frivillig idretts- og kulturliv og til Ål kulturhus
- Stendig arbeid med å bygge arbeidslaget og samhandling mellom nye avdelingar på kulturhuset
- Tilsetting av ny kulturhusleiar hausten 2021
- Kulturprisen 2021 gjekk til Trond Kleppen for mangeårig frivillig arbeid i lag og organisasjonar i Ål, sist i prosjektet «Elvelangs» der han har spela ei stor rolle
- Ungdomsstipend: Solveig Braaten for si satsing på piano og kyrkjeorgel, og Johnas Ulshagen Jorde, som gjer det skarpt som fotballkeeper i Hallingdal og Hønefoss
- Reetablering av «Ål arrangementsforum»; ei samanslutning av dei store arrangementa i Ål. Stormøte i Sprang i november, med tema «Arrangementsbygda Ål», som handla om korleis næringsliv og arrangement kan spele kvarandre gode. Forumet satte i gong eit prosjekt med produksjon av felles marknadsføring av arrangementa i Ål
- Markering av «Årets kulturkommune 2021-2023» med m.a. nye banner til Kulturhuset og Tingstugu, og ope arrangement i Sprang i desember
- Markering av «Årets nynorsk-kommune 2021» med oppslag i media, brosjyre og arrangement.
- Deltaking i prosjekt bu- og blilyst med særskilt fokus på «arrangementsbygda Ål», og korleis det frivillige kultur- og idrettslivet kan nyttast til inkludering av nye ålingar
- Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vart vedteke i Kommunestyret
- Planlegging av landskonferansen til NOKU, besøk av Kulturutviklingsseksjonen i Viken fylkeskommune og aktivitetar i samband med Frivillighetsåret 2022

Frivillig kultur- og idrettsliv

- Nettportalen «Fritid Hallingdal» vart ferdigstilt i 2020. Portalen er for heile Hallingdal og inneheldt fritidsaktivitetar som er organiserte, faste og opne, der laga sjølv registrerer sine aktivitetar. I 2021 fortsatte arbeidet med å etablere kanalen i samarbeid med det frivillige
- Anlegga i Ål som fekk spelemidletilskot i 2021 er:

Ål kommune - Sykkelsti Oppheim-Trettestølane	800 000	Ferdigstilt og utbetalt (avkorta frå 1 038 000 som var løyvd). Fekk også deltilsegn på 900 000 i 2020 (totalt i spelemidlar 1 700 000).
Torpo IL – Lysløype Bakketun	850 000	Ferdigstilt, under utbetaling. Deltilegn på 800 000 i 2020 (totalt i spelemidlar 1 650 000).
Ål IL - Elvelangs sti	1 000 000	Ferdigstilt og utbetalt. Totalt i spelemidlar 1 MNOK.

- I 2021 fekk Viken fylkeskommune tildelt i underkant av 293 millioner kroner til anlegg for idrett og friluftsliv, noko som er mindre enn det Akershus, Buskerud og Østfold fekk til saman før regionreformen. Etterslepet på spelemidlar i fylket er stort. For komande år kan alle kommuner i Viken forvente ei ventetid på 3-4 år for ordinære anlegg frå ein søknad sendast fyrste gong, til det vert fordelt midlar
- Elvelangs vart offisielt ferdigstilt, men opninga utsett til 2022 grunna koronapandemien. Arbeidet med Oppsjø Vasspark er i undervegs, og toalett- og servicebygg vert ferdigstilt i 2022.
- Kommunen samarbeida med Granhagen vel, Fjellet IL og Torpo IL om tilbod om offentleg bading ved Nedre-Ål, Nordbygdane og Torpo skule
- Kommunen var i tett dialog med gruppa for E-sport i Ål idrettslag, i samband med kartlegging av aktuelle og eigna lokaler for ein aktivitet i sterk vekst blant born og unge
- Av store kultur- og idrettsarrangement i Ål vart dei fleste avlyst eller gjennomført med store publikumsbegrensingar



ÅL KOMMUNE



Stabbursfrieri i Leveld i august. Eit av få arrangement som vart gjennomført i 2021. Foto: Magnus Lindahl/ Hallingdølen.

Ål kulturhus

Me takkar publikum for å syne stor velvilje i ei lite føreseieleg tid, og ynskjer dei alle hjarteleg velkomne attende hausten 2022!

Ål kulturhus har vore hardt råka av koronapandemien. Inntektssida har vore låg grunna delvis nedstenging og restriksjonar på tal på publikummarar. Basert på budsjett ligg billettinntektene for kino og scene ca. 300 000 under budsjett, og enda på kr 1. 875 063 (budsjett kr 2.195.000). Til samanlikning blei det i normalåret 2019 selt billetter for kr 2.455.000,-

REKNESKAP OG BUDSJETT – KULTURHUS (ALLE SUMMAR I 1.000 KR)

Ansvar 5010 – Artar 1000:19999

	R 2021	B 2021	Avvik	R 2020
10 Løn inkl sosiale utgifter	5 310	6 032	-722	4 730
11 Kjøp av varer og tjen som inngår	4 466	3 358	1 108	2 598
14 Overføringer	573	0	573	246
15 Finansutg	0	0	0	231
Sum utgifter	10 349	9 390	959	7 805
16 Salgsinnt	-3 440	-3 485	45	-2 329
17 Refusjoner	-2 321	-710	-1 612	-771
18 Overføringer	-75	0	-75	0
19 Finansinnt	0	0	0	-501
Sum inntekter	-5 836	-4 195	-1 641	-3 601
Totalt - netto	4 513	5 196	-682	4 204



ÅL KOMMUNE

Publikumsutvikling og etablering av program-nemd

Som eit ledd i arbeid med publikumsutvikling på Ål Kulturhus vart det etablert ei program-nemd med personar frå det frivillige og kommunale kulturlivet. Hausten 2021 var det fyrste programmet som var satt av program-nemda. Nye typar arrangement, som konsertkino og fleire foredrag, var populære tiltak blant publikum. På fleire arrangement har det også vore servering.

Hausten 2021 var det fulle hus på Kulturhuset, under konsertar med mellom andre Maria Mena (Storesalen), Jarle Benhoft (Storesalen) og Stein Torleif Bjella (Sprang, solo).

Kultur i pandemitid

Tiltak og restriksjonar fortsette ut i 2021 med varierende nasjonale og lokale smittevernstiltak. Kulturhuset har heile tida overhalde gjeldande krav og retningslinjer. Pandemien har påverka aktivitet og billettsal grunna lågare kapasitet i salar, og periodevis har all aktivitet vore stengt. I tillegg såg ein utover i 2021 tendensar til endra publikumsvanar, særleg når det gjeldt kinobesøk.

Me takkar tilsette for pågangsmot, endringsvilje og optimisme gjennom eit krevjande år, der samhandling og nytenking har prega arbeidet.

Sprang

2021 vart fyste år med drift på den nyetablerte scena Sprang. Me har hatt fleire residensopphald via ei samarbeidsavtale med Bærum kulturhus, konsertar, seminar, øving, foredrag og meir i salen. Residensopphalda genererer stor inntekt og me ynskjer å legge til rette for ein god balanse mellom veker der Sprang vart nytta av residens og veker der me kan ha opne arrangement. Me har fakturert residensopphald for kr. 341.580 i 2021.



ÅL KOMMUNE

Ål bibliotek

Trass i koronaepidemien har aktiviteten i biblioteket i 2021 vore tilnærma som eit normalt år. Biblioteket var stengt for publikum i perioden 16. mars til 11. april, men med tilbod om «take-away». Elles har det vore tilnærma vanleg drift gjennom året, og 14 planlagde arrangement er gjennomførte. Utlånet av fysiske medium tok seg opp frå 2020 og nærma seg nivået frå 2019. Utlån av digitale medium har hatt ei oppgang på 20%, frå 2715 lån i 2020 til 3304 lån i 2021.

REKNESKAP OG BUDSJETT – BIBLIOTEK (ALLE SUMMAR I 1.000 KR)

Ansvar 5030 – Artar 10000:19999

	R 2021	B 2021	Avvik	R 2020
10 Løn inkl sosiale utgifter	2 314	2 625	-311	2 240
11 Kjøp av varer og tjen som inngår	739	396	343	600
13 Kjøp av vare og tjenester som erstatter	0	11	-11	0
14 Overføringer	65	0	65	73
Sum utgifter	3 118	3 032	86	2 913
16 Salgsinnt	-26	-34	8	-14
17 Refusjoner	-152	-8	-142	-107
Sum inntekter	-178	-42	-135	-121
Totalt - netto	2 939	2 990	-49	2 792

Biblioteket hadde i 2021 for første gong laurdagsbetening gjennom heile sommaren. Tilbodet vart godt nytta av både fastbuande og ferierande, og kan me fordel vidareførast. Koronasituasjonen har gjort at barnhagane ikkje har besøkt biblioteket i 2021. Elles har tilbodet til skulane vore tilnærma normalt, men med nokon digitale presentasjonar i staden for fysiske.

Biblioteket har stått for 12 opne og gratis kulturarrangement dette året. I tillegg har biblioteket hatt avslutningsfest for born som deltok på Sommarles-aksjonen og framsyning av teaterforestillinga «Isbjørn Nysbjørn» for barnehagane. Eitt arrangement måtte flyttast p.g.a. koronarestriksjonar, men alle arrangement som var planlagt i 2021 vart gjennomførte.



Foto: Terje Bjørnsen



Ål bygdearkiv

Året 2021 har også for Ål bygdearkiv sin del vore sterkt prega av Covid-19 pandemien, og me har vore gjennom heilt og delvis nedstenging, forsiktig opning og så nye restriksjonar igjen. Dagleg leiar har i 2021 hatt si vanlege arbeidstid, og har helde ope for publikum med tilhøyrande smitteåtgjerder når det har vore tilrådeleg.

- ✓ Friviljuge stiller framleis opp som arbeidshjelp og rettleiarar for publikum torsdagane. Dei held også bygdearkivet ope laurdagar
- ✓ Bygdearkivet får kvar veke ulike førespurnader frå publikum, også frå personar langt utanom Ål. Utanbygds frå er det førespurnader om slekt og særleg bilete av spesifikke personar eller gardar. Arkivet får elles besøk av folk som ser etter arkivstoff til ulike formål. Talet på spørsmål totalt har gjennom åra loge mellom 100 og 150. Dei har ofte fått svar via e-post/anna grunna restriksjonar

Arbeidet i bygdearkivet er prega av god stemning i eit triveleg miljø!

Utfordringar i kultursektoren i 2022

Den «nye» kulturkvardagen med endra publikumsvaner og kulturbruk blant born og unge. Korleis ser lokalt kulturliv ut i åra framover?

- ✓ Gjennomføre 30-års jubileum for Ål kulturhus i november 2022. Det er mellom anna bekrefta at sjef i Oljefondet, Nicolai Tangen, kjem for å halde foredrag om Rolf Nesch, og at Stein Torleif Bjella spelar konsert med musikarar frå KORK
- ✓ Den største utfordringa i komande økonomiplanperiode blir å drifte eit godt og funksjonelt Ål kulturhus innanfor ei stram økonomisk ramme, noko som føreset kreativ næringsutvikling og publikumsutvikling på huset
- ✓ Vidareføre og styrke samhandling og vertsskap på tvers av alle avdelingane på huset
- ✓ Utvikling av innhaldet i SPRANG - Landsdelsscene for dans; vidareutvikle samarbeidet med Bærum kulturhus/ Dans Sør-Øst Norge
- ✓ Kulturplan 2019-2025: Jobbe med å setja i verk politisk vedtekne tiltak
- ✓ Målbruksplan: Gjennomføre tiltak for å styrke klart språk og nynorsk blant tilsette i Ål kommune.
- ✓ Nynorsprispengar – korleis skal ein best disponere dei 100 000 kr me fekk ifbm «Årets nynorskkommune 2021?»
- ✓ Oppretthalde god dialog med det frivillige kultur- og idrettslivet. Sende ut to årlege nyheitsbrev og vidareutvikle Ål arrangementsforum
- ✓ Gjennomføring av landskonferansen til NOKU, Norsk Kulturforum, 31. mai – 2. juni, på Ål kulturhus og ulike attraksjonar i Ål. Dit kjem 200 deltakarar frå heile Noreg for å lære av og oppleve «Norges kulturkommune»
- ✓ Gjennomføring av to dagars besøk frå Kulturutviklingsseksjonen i Viken (20 pers), der tema mellom anna er kreativ næringsutvikling og ung kultur
- ✓ Markeringar av «Frivillighetens år 2022» med ei rekke aktivitetar og arrangement: Sykkelfestival, Foreningsmesse og offisiell opning av Elvelangs

Helse og omsorg

OPPSUMMERING 2021



Covid-19 har også prega 2021. Personell og pasientar har vore mistenkt smitta,- og mange har gjennom året vore i karantene. Rutinar og prosedyrar har vorte justert kontinuerleg etter nasjonale føringar. Sektoren har kvar veke rapportert inn til statsforvaltar om status i pandemien. Avtaler og protokollar som følgje av koronasituasjonen er utforma. Testing og smittesporingsarbeid har påført meirarbeid og auka belastning. Det har vore ei svært arbeidskrevjande og utfordrande tid å drifte sektoren i, og påført avdelingane meirforbruk som fylgje av innleige, forskyvingar og kjøp av medisinske forbruksvarer. Etter nesten to år med pandemi er det merkbar slitasje både hjå leiarar og personell. Tross høg belastning har tenestene som er gjeve hatt god kvalitet til innbyggjarane våre. Leiarar og tilsette må rosast for si store velvilje, fleksibilitet og høg fagleg tenestekvalitet gjennom ei svært krevjande periode.

Covid-vaksinering av Ål si befolkning har og påverka press på helsesektoren. Avdelingane har vaksinert eigne pasientar og tilsette, og har bidrege sterkt inn i arbeidet til helsestasjonen gjennom å frigje personell for å delta i organisering av og gjennomføring av vaksinering.

Legetenesta har i tillegg gjort ein stor innsats knytt til mellom anna testing og smittesporing. Fastlegesituasjonen har vore prega av stor belastning som følgje av pandemien, i tillegg til utfordringar med rekruttering. Legane har signalisert behov for endringar i belastning på legevakt, samt at legar kan få tilbod om fastløn.

Institusjonstenestene har også vore prega av pandemien, men samstundes har normal drift vore i fokus. Pasientbelegget har dette året vore svært varierende og i periodar har senger stått tomme. Sektoren fekk tildelt tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet til ein aktivitørstilling – noko som har vore svært viktig for trivsel og aktivisering på langtidsavdelinga. Rekruttering av fagpersonell er utfordrande, og ein ser med uro på at fleire stabile arbeidstakerar vil gå av med pensjon i løpet av dei næraste åra.

Fysioterapi har hatt redusert drift grunna pandemien, og ventelistene har hatt ei kraftig auke. Dagsenter og treningssenter har i periodar vore stengt eller gått med redusert kapasitet grunna smittevernreglar og avstandsreglar. Dette har påført pårørande større belastning. Aktiv ung har vore eit populært tilbod til om lag 40 som har nytta seg av aktivitetstilbodet.

Psykisk helse har opplevd ei auke i saker som omhandlar einsemd, som kan vera knytt opp i mot pandemien. Dette dreier seg om alle aldrar.



ÅL KOMMUNE

Det har i 2021 vore ei auke i tenester til born og unge, og til familiestøttande arbeid. I avdeling Miljøterapi har behov for avlastning til born og unge auka markant. Avdelinga har også fleire brukarar med omfattande behov for tenester. I 2021 vart avdelingane slått saman til ei felles avdeling med avdelingsleiar og ass. avdelingsleiar som ei prøveordning. Gjennom året har ei arbeidsgruppa evaluert ordninga og konkludert med at det er ynskjeleg å gå attende til to avdelingar.

Ål kommune har i 2021 hatt eit aukande tal på born og unge som har behov for helse -og omsorgstenester. Dette behovet har gjort seg særskilt gjeldande når det gjeld kostnader til omsorgsstønad, ressurskrevjande tenester og avlastningstilbod.

Tenester frå avdeling heimetenester. Fleire og fleire eldre bur lenger heime med god tilrettelegging og tenester frå heimetenesta. Med høgare alder blir hjelpebehovet større. Det er ofte naudsynt å vera to ved stell, noko som påverkar bruk av ressursane. Det er til ei kvar tid fokus på ressursbruk, velferdsteknologiske hjelpemidlar, og at tenester blir avslutta når behovet reduserast. Erfaringane har synt at brukarane med ei demensdiagnose i Nigarden raskt får auka tenestebehov, og er avhengig av fleire ressursar enn tilbodet legg opp til. Behovet for ein gjennomgang av tenestetilbodet i Nigarden vil bli drøfta i ALF 4. Heimetenesta hadde også tilsyn frå arbeidstilsynet i 2021. Tilsynet gav nokre avvik som Ål kommune fekk godkjent og lukka innan fristen.

Psykisk helse har hatt størst auke i saker er i høve til born og unge, og familie støttande arbeid. Dei signaliserer og ei auke i saker som omhandlar einsemd, som kan vera knytt opp i mot pandemien. Dette dreier seg om pasientar i alle aldrar.

I september – 21 var det gjort politisk vedtak om etablering av Familiens hus lagt til sektor for helse- og omsorg. Helsestasjonstenesta og PPT vart lagt inn i Familiens hus, og psykisk helse til born og unge kom inn. Vedtaket førte også til ei omorganisering internt gjennom etablering av avdeling Meistring og der psykisk helse til vaksne vart lagt inn. Begge desse prosessane har vore arbeidskrevjande i lag med pandemi, men arbeidet har likevel gått som planlagt. Det er grunn til å være stolt over samarbeidsvilje og innsats på tvers av avdelingsgrenser og sektorar for å få dette til.

Helsetenesta har store utfordringar med å rekruttere helsepersonell, og statistikk viser at behovet vil auke på kort og lang sikt. Situasjonen er tilsvarande på nasjonalt plan. Det må gjerast konkrete grep,- Det er arbeid med å få på plass desentralisert sjukepleiarutdanning, og søkt midlar til eit rekrutteringsprosjekt. I tillegg har HR-sektoren hatt fokus på til døme leiarutviklingsprogrammet «Til topps» som har vore tatt svært godt i mot. Kompetanseheving og kvalitetsarbeid er pågåande og nødvendig. Det er gjennomført mange kurs og prosjekt, fagutvikling, kompetanseheving også dette året.

Kommunane i Hallingdal vedtok i 2021 felles kommuneoverlege/samhandlingsleiar for Hallingdal i 100 % stilling. Felles kommunepsykolog for Hallingdal vart tilsett i 2021.

Sjukefråværet i sektoren er høgt, men ligg likevel stabilt i høve til tidlegare år.



ÅL KOMMUNE

Tilsette, avdelingsleiarar, kommuneoverlege og stab har også i 2021 gjeve tenester av god kvalitet, gjort ein formidabel innsats, vore kreative, og følgd opp dei nasjonale føringane etter beste evne.

Helse og omsorgssektoren har hatt eit svært økonomisk utfordrande år.

Det er særskilt desse områda som har utfordra rekneskapen:

- Covid – 19
- Ressurskrevjande tenester
- Endring i pensjonsprosent på – verknad 5 mill. kr.
- Auka satsar på basistilskot og praksiskompensasjon (Nasjonale satsar- samt avtale gjort med legene om praksiskompensasjon under pandemien våren 2021
- Intermediæravdeling

REKNESKAP OG BUDSJETT - HELSE- OG OMSORG – SAMLA (ALLE SUMMAR I 1.000 KR)

Ansvar 3000:3999 - artar 10000:19999

	R 2021	B 2021	Avvik	R 2020
10 Løn inkl sosiale utgifter	156 949	148 490	8 459	138 370
11 Kjøp av varer og tjen som inngår i tjenesteproduksjon	25 866	10 913	14 953	23 466
13 Kjøp av varer og tjenester som erstattar tjenesteproduksjon	49 974	28 751	21 223	45 425
14 Overføringer	2 616	3 845	-1 229	3 662
15 Finansutg	2 052	649	1 403	11 349
Sum utgifter	237 457	192 648	44 810	222 273
16 Salgsinnt	-10 682	-10 430	-252	-11 216
17 Refusjoner	-62 742	-44 012	-18 730	-51 899
18 Overføringer	-253	0	-253	-1 928
19 Finansinnt	-3 509	0	-3 509	-9 177
Sum inntekter	-77 186	-54 442	-22 744	-74 219
Totalt - netto	160 271	138 206	22 066	148 054



ÅL KOMMUNE

NETTO REKNESKAP OG BUDSJETT – HELSE- OG OMSORG – FORDELTE PÅ ANSVAR (ALLE SUMMAR I HEILE 1000 KR)

Ansvar 3000:3999 – Artar 10000:19999

Ansvar:	Ansvar - tekst	R 2021	B 2021	Avvik	R 2021	Note
3000	Sektorleiar helse- og omsorg - utg.	20 977	16 153	4 824	25 599	
3000	Sektorleiar helse- og omsorg - innt.	-42 250	-29 961	-12 289	-37 152	
	Netto-utgift:	-21 273	-13 808	-7 465	-11 554	1
3010	Intermediær avdeling - utg.	14 394	15 379	-985	12 860	
3010	Intermediær avdeling - innt.	-7 969	-10 487	2 518	-6 757	
	Netto-utgift:	6 426	4 892	1 534	6 103	2
3020	Legeteneste - utg.	16 179	13 703	2 476	15 797	
3020	Legeteneste - innt.	-4 626	-3 530	-1 096	-4 380	
	Netto-utgift:	11 553	10 173	1 380	11 417	3
3021	Interkommunal legevakt - utg.	9 494	9 382	112	9 478	
3021	Interkommunal legevakt - innt.	-6 930	-6 352	-578	-7 347	
	Netto-utgift:	2 564	3 030	-466	2 132	3
3030	Ergp-/fysioterapi - utg.	10 943	9 838	1 105	10 540	
3030	Ergp-/fysioterapi - innt.	-2 837	-1 790	-1 047	-2 615	
	Netto-utgift:	8 105	8 048	57	7 925	4
3040	NAV - utg.	5 266	6 533	-1 267	4 439	
3040	NAV - innt.	-37	-132	95	-1 528	
	Netto-utgift:	5 229	6 401	-1 172	2 911	5
3050	Stugu - utg.	31 542	27 553	3 989	30 848	
3050	Stugu - innt.	-1 463	-60	-1 403	-947	
	Netto-utgift:	30 079	27 493	2 586	29 901	6
3060	Natt-tenesten - utg.	11 548	8 740	2 808	10 722	
3060	Natt-tenesten - innt.	-404	0	-404	-544	
	Netto-utgift:	11 144	8 740	2 404	10 178	6
3070	Gjestetunet - utg.	13 197	11 147	2 050	11 095	
3070	Gjestetunet - innt.	-1 064	0	-1 064	-385	
	Netto-utgift:	12 133	11 147	986	10 711	6
3080	Miljøterapiavdeling 2 - utg.	25 839	17 904	7 935	23 036	
3080	Miljøterapiavdeling 2 - innt.	-897	0	-897	-680	
	Netto-utgift:	24 942	17 904	7 038	22 356	6
3090	Miljøterapiavdeling 1 - utg.	23 445	17 232	6 213	18 973	
3090	Miljøterapiavdeling 1 - innt.	-870	0	-870	-1 595	
	Netto-utgift:	22 575	17 232	5 343	17 379	6



ÅL KOMMUNE

Ansvar: Ansvar - tekst	R 2021	B 2021	Avvik	R 2021	Note
3100 Psykisk helse og rus - utg.	11 004	9 867	1 137	11 075	
3100 Psykisk helse og rus - innt.	-4 088	-650	-3 438	-2 157	
Netto-utgift:	6 916	9 217	-2 301	8 918	7
3120 Heimetenesta - utg.	43 629	29 217	14 412	33 734	
3120 Heimetenesta - innt.	-3 753	-1 480	-2 273	-4 060	
Netto-utgift:	39 876	27 737	12 139	29 674	6
3999 Øyremerka tilskot - utg.	0	0	0	4 073	
3999 Øyremerka tilskot - innt.	0	0	0	-4 073	
Netto-utgift:	0	0	0	0	
Totalt helse- og omsorg - utgift	237 457	192 648	44 809	222 270	
Totalt helse- og omsorg - inntekt	-77 187	-54 442	-22 745	-74 219	
Netto-utgift:	160 269	138 206	22 064	148 051	

Note:

1. Lågere inntekter/ tilskot refusjon kostnadskrevjande brukarar. Innsparingar i fellesutgifter for å dekke meirforbruk på løn og vikartenester i omsorgsavdelingane
2. Intermediær avdeling har også i 2021 hatt lågere inntekter enn budsjettert grunna mindre bruk av kommunale sengar
3. Legetenester og interkommunal legevakt har samla hatt eit overforbruk i 2021. Stor pågang legevaktsentral, teststasjon, auka bemanning i helg i vinter- og sumarsesong og bruk av overtid grunna liten tilgang på kvalifiserte vikarar, og endringar i nasjonale takstar, kjøp av lisensar
4. Avdeling fys/ergo har eit mindreforbruk tross utviding av opningstider dagsenter, opent heile sumaren og tilbod om middagservering dagsenter. Helse auka sin del i koordinerande frå 25 og 50 %. Oppsøkande team endra frå 50 % til 100 % stilling. Koordinerande eining, rehabiliteringsteam og oppsøkande team er også inkludert
5. NAV (kommune) har eit mindreforbruk. Årsaka til avviket er at utgifter er ført på ansvar 3000
6. Meirforbruket skuldast i stor grad auka brukarbehov. utfordringar med å rekruttere til ledige stillingar. Vikarfirma må nyttast i periodar for å oppnå fagbemanning. Det har og vore behov for ekstravakter både på dag, kveld, natt og i helgane. Tenesteomfanget til dei yngre brukarane er i jamn auke, og behov for ressurskrevjande tenester stig. Krav for tilskot ressurskrevjande tenester blir strengare årleg, og gjer at kommunen må dekke fleire utgifter enn tidlegare. Det er auke i utgiftene til brukarstyrt personleg assistent og omsorgsløn
7. Psykisk helse og rus,- avdelinga ser ei auke i oppdrag til barn, unge og familiar.

Samla resultat for sektoren i 2021 er eit meirforbruk på 16,0 %. Det er nytta netto 12,2 mill. kroner meir i 2022 enn i 2021

- **Skjønnsmidlar tildelt frå Fylkesmannen** for utgifter til Covid-19 ligg hjå rådmann.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet har vore på totalt 9,7 % i 2021. Av dette er kort-tidsfråveret 2,5 %.



ÅL KOMMUNE

ÅRET 2021

Året 2021 har vore eit svært krevjande år for leiarar og tilsette både fagleg, økonomisk og ressursmessig. På tross av dette har sektoren utvikla ny kompetanse og gjeve eit godt helsetilbod til innbyggjarane i Ål. Kommunalsjefen meiner at kvalitet og innhald i tenestetilbodet som er levert har vore god, tross eit svært unormalt driftsår også i 2021.

INVESTERINGAR SOM ER GJORT I PERIODA

- Ny legevaktsbil
- To nye bilar til heimetenesta
- 16 nye senger Stugu
- Utskifting av 2 spa-badekar til Miljøterapitenesta

UTFORDRINGAR I 2022

- Flyktningar frå Ukraina til akuttmottak, og for busetjing i Ål, vil utfordre helsetenestene sine tenester og ressursar i 2022.
- Covid-19 vil framleis prege kvardagen i 2022, og kan skape økonomiske og ressursmessige utfordringar for helsesektoren.
- Sektoren slit med å rekruttere helsepersonell inn i ledige fagstillingar. Det er generelt liten søkarmasse på turnusstillingar i Hallingdal og i landet elles. Fleire tilsette i høge stillingsprosentar går av med pensjon i 2022.
- Helsetenesta må vri tenestene til å førebyggje meir og behandle mindre. Vi må styrke kompetanse innan velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering og demensomsorg, og nytte potensialet velferdsteknologi gjev. Digitalisering og E-helse må utviklast og implementerast på tvers av spesialisthelsetenesta og kommunane.
- Fleire av våre innbyggjarar vil ha behov for omfattande tenestetilbod og ressurskrevjande tenester. Utgifter er høgare enn inntekter – noko som har vore varsla i fleire år.
- Ressurskrevjande born og unge som fell mellom spesialisthelsetenesta, den kommunale helsetenesta og samarbeidande partar.
- Leiarane står dagleg i krevjande leiarutfordringar. Ål kommune ynskjer å styrke den einkilde leiar sine leiareigenskapar.
- Bilparken må oppgraderast. Det er laga system for oppfølging og fornying bilar basert på kilometerstand eller årsmodell. Det er behov for utskifting av bilar i Miljøterapitenesta og Heimetenesta i 2022.



Drift og utvikling

OPPSUMMERING

Sektoren har disse fem avdelingane: utvikling og VAR (vatn, avlaup og renovasjon), reinhald, byggforvaltning, veg og park og kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning. Aktiviteten har samla sett vore høgare enn forventa, både på inntekts- og utgiftssida. Netto samla underforbruk 3,7 mill kr utgjør om lag 6 % av budsjettet.

INVESTERINGAR SOM ER GJORT I PERIODEN

Ferdigstilte investeringsprosjekt i 2021:

- Fortau til Prestegardsjordet (frå Stasjonsvegen og til Sundre barnehage)
- Kommunalt avløp i Leveld inkl. Leveldåsen hyttefelt
- Turstig i Leveld
- Ventilasjon i Stugu
- Trafikkløysing nedanfor Ål kulturhus
- Oppussing av Nordbygdene skule inkl. nytt ventilasjonsanlegg
- Uskifting av maskiner til veg og park.

I tillegg er desse fleirårige investeringsprosjekta under arbeid:

- Næringstomter Torpo næringspark
- Overføringsleidning til kloakk i Votndalen
- Nye renovasjonspunkt (færre og større)
- Utskifting av gatelysarmatur
- Opprusting av omsorgsleilegheiter (Brattekakken og avdeling miljøterapi)
- Oppussing av Nedre-Ål skule
- Opprusting/asfaltering av kommunale vegar.



ÅL KOMMUNE

REKNESKAP OG BUDSJETT - UTANOM SJØLVKOST – SAMLA (ALLE SUMMAR I 1.000 KR)

Ansvar 6000,6010,6020,6030,6040,6050,6060,6080,6081,6082 - artar 10000:19999

	R 2021	B 2021	Avvik	R 2020	Note
10 Løn inkl sosiale utgifter	42 287	40 617	1 670	38 259	
11 Kjøp av varer og tjen som inngår i tjenesteproduksjon	30 646	24 563	6 082	37 064	1
13 Kjøp av varer og tjenester som erstatter tjenesteproduksjon	7 226	5 340	1 886	6 262	
14 Overføringer	18 353	7 364	10 989	16 679	2
15 Finansutg	1 694	0	1 694	2 969	
Sum utgifter	100 206	77 884	22 321	101 233	
16 Salgsinnt	-16 876	-9 745	-7 131	-17 330	3
17 Refusjoner	-20 357	-5 894	-14 463	-20 076	4
18 Overføringer	-50	-17	-33	-55	
19 Finansinnt	-2 649	0	-2 649	-1 151	
Sum inntekter	-39 931	-15 656	-24 275	-38 613	
Totalt - netto	60 274	62 228	-1 954	62 620	

Noter til tabellen:

1. Aktiviteten har vore høgare enn budsjett på alle tenester
2. Avviket skuldast hovudsakleg refusjon til Hallingdal Brann og redning, som dels er ført på 13 og dels på 14
3. Avviket frå budsjett skuldast hovudsakleg at husleigeinntekter på kommunale utleigebustader er om lag ... mill. kr over budsjett og at aktiviteten på byggesaker og oppmålingsaker har vore høgare enn budsjettet
4. Mva-refusjon og sjukelønsrefusjon pluss inntekt frå sal av tenester til nabokommunar og tilskot frå staten til veterinærvaktordninga

REKNESKAP OG BUDSJETT – SJØLVKOST – SAMLA (ALLE SUMMAR I 1.000 KR)

Ansvar 6071:6074 – Artar 10000:19999

	R 2021	B 2021	Avvik	R 2020
10 Løn inkl sosiale utgifter	6 436	6 112	324	6 043
11 Kjøp av varer og tjen som inngår	6 193	5 426	767	6 163
13 Kjøp av vare og tjenester som erstatter	14 041	13 310	731	12 635
14 Overføringer	0	0	0	0
15 Finansutg	0	8 395	-8 395	7 766
Sum utgifter	26 670	33 243	-6 573	32 607
16 Salgsinnt	-31 544	-31 852	308	-29 713
17 Refusjoner	-853	-302	-551	-823
18 Overføringer	0	0	0	0
19 Finansinnt	-2 730	-1 089	-1 641	-2 010
Sum inntekter	-35 127	-33 243	-1 884	-32 545
Totalt - netto	-8 457	0	-8 457	61

Kommentarar til tabellen:

Avskrivning er ført mot anna ansvar enn budsjettet i 2021 og framover. Beløpet er 6,17 mill. kroner
Avsetning til sjølvkostfond og bruk av sjølvkostfond pleiar å avvike mykje. Rådmannen har planar om å nøytralisere dette i framtida.



ÅL KOMMUNE

NETTO REKNESKAP OG BUDSJETT UTANOM SJØLVKOST - FORDELTT PÅ ANSVAR (ALLE SUMMAR I HEILE 1000 KR)

Ansvar 6000,6010,6020,6030,6040,6050,6060,6080,6081,6082 - artar 10000:19999

Ansvar:	Ansvar - tekst	R 2021	B 2021	Avvik	Note
6000	Drift og utvikling - utg.	9 803	7 268	2 535	1
6000	Drift og utvikling - innt.	-2 257	-359	-1 898	2
	Netto-utgift:	7 546	6 909	637	
6010	Veg og park - utg.	14 860	10 795	4 065	3
6010	Veg og park - innt.	-2 648	-51	-2 597	4
	Netto-utgift:	12 212	10 744	1 468	
6020	Utvikling - utg.	27 321	20 348	6 973	5
6020	Utvikling - innt.	-16 096	-5 241	-10 855	5
	Netto-utgift:	11 225	15 107	-3 882	
6030	Reinhold - utg.	15 214	13 844	1 370	
6030	Reinhold - innt.	-960	0	-960	
	Netto-utgift:	14 254	13 844	410	
6040	Byggforvaltning - utg.	26 410	19 973	6 437	6
6040	Byggforvaltning - innt.	-12 843	-6 537	-6 306	6
	Netto-utgift:	13 567	13 436	131	
6050	Vedlikehald - komm. Bygg - utg.	2 695	2 100	595	7
6050	Vedlikehald - komm. Bygg - innt.	-531	0	-531	
	Netto-utgift:	2 164	2 100	64	
6060	Investeringsprosjekt - feil - utg.	91	0	91	
6060	Investeringsprosjekt - feil - innt.	-18	0	-18	
	Netto-utgift:	73	0	73	
6080	Spreidde avløp - ureiningslov - utg.	4 405	3 556	849	8,9
6080	Spreidde avløp - ureiningslov - innt.	-5 168	-3 468	-1 700	8,9
	Netto-utgift:	-763	88	-851	

**Noter til tabellen:**

Generelt – flere av avvika skuldast at mva som utgift og mva-refusjon som inntekt ikkje er budsjettert

1. Utgifter til feiing er medrekna her, utgifter til felles vassforvaltning er med her
2. Betaling for feietenester og refusjon frå andre kommunar på innkjøp og vassforvaltning er medrekna her
3. Meirforbruk kr i 2021 skuldast generell kostnadsauke utan kompensasjon, vaktordning med mange utrykkingar og ekstra utgifter med reparasjon av maskiner
4. Betaling for tenester utført for private og andre kommunar og i tillegg mva kompensasjon
5. Høgare aktivitet både på utgift- og inntektssida. Høgare inntekter med fleire byggesaker og kart og oppmålingssaker enn budsjettert. Refusjon frå staten for veterinærvaktordninga
6. Høgare husleigeinntekter og utgifter til drift av bygg enn budsjettert
7. Løn til ein snikkar er ført på ansvar 6040, men har jobba mest på vedlikehald/opprusting av omsorgsbustader. Vi før få til ei ordning som plasserer utgifter rettast mogeleg
8. Utgifter til etablering av kontoret har gitt netto utgift fyrste året som er tenkt inntent i løpet av år 2-5
9. Utgifter og inntekter til vassforvaltning er ført på ansvar 6000 sjølv om det opprinnleg var budsjettert her

NETTO REKNESKAP OG BUDSJETT – SJØLVKOST – FORDELTE PÅ ANSVAR (ALLE SUMMAR I HEILE 1000 KR)

Ansvar 6071:6074 – Artar 1000:19999

Ansvar:	Ansvar - tekst	R 2021	B 2021	Avvik	Note
6071	Sjølvkost - vatn - utg.	4 052	6 166	-2 114	
6071	Sjølvkost - vatn - innt.	-5 908	-6 166	258	
	Netto-utgift:	-1 856	0	-1 856	1
6072	Sjølvkost - kloakk - utg.	8 890	13 593	-4 703	
6072	Sjølvkost - kloakk - innt.	-15 218	-13 593	-1 625	
	Netto-utgift:	-6 328	0	-6 328	1
6073	Sjølvkost - slam - utg.	2 243	1 983	260	
6073	Sjølvkost - slam - innt.	-2 262	-1 983	-279	
	Netto-utgift:	-19	0	-19	1
6074	Sjølvkost - renovasjon - utg.	11 485	11 501	-16	
6074	Sjølvkost - renovasjon - innt.	-11 740	-11 501	-239	
	Netto-utgift:	-255	0	-255	1

Kommentarar til tabellen:

Avskrivning er ført mot anna ansvar enn budsjettert i 2021 og framover. Beløpet er 6,17 mill. kroner

Avsetning til sjølvkostfond og bruk av sjølvkostfond pleiar å avvike mykje. Rådmannen har planar om å nøytralisere dette i framtida.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet har vore totalt 3,0 % i 2021. Av dette er korttidsfråværet 1,5 %. Det er gledeleg lågt.



SÆRSKILDE HENDINGAR I 2021

- Korona-utbrotet har gitt ekstra utgifter til innkjøp av smittevernutstyr og ekstra reinhald
- Kloakkutbygginga i Votndalen er så godt som ferdig
- Prosjekt Elvelangs som er eit spleiselag mellom kommunen og Ål idrettslag er ferdig
- Reserve brunn Torpo vassverk er sett i drift
- Uvanleg høg aktivitet på hyttebygging med 82 nye einingar

PLANAR OG SÆRSKILDE UTFORDRINGAR I 2022 OG TIDA VIDARE

- Snu den negative folketalsutviklinga
- Revidere kommuneplanen; få engasjement og eigarskap og ein god prosess politisk og i lokalsamfunnet
- Strategi for bustadutvikling (sikre mange nok, varierte nok og gode nok bustadtomter, prøvubustader, utleige- og omsorgsleilegheiter)
- Halde fram med å styrke samarbeidet med frivillige og næringslivet for å utvikle Ål til ein endå betre kommune å bu i (bulystteam og kommune 3.0-metodar)
- Utføre eit forsvarleg vedlikehald og renovering av kommunale vegar, bruer og bygg for å ta att etterslepet som har bygt seg opp over mange år
- Slutføre utbygging av kloakk i Votndalen innanfor vedtekne budsjett og tidsrammer
- Bygge ut Torpo næringspark og tilby opparbeidde og byggeklare næringsstomter til sjølvkostpris
- Gjere ferdig utbygginga av Oppsjø vasspark

UTVALDE NØKKELTAL

Nøkkeltal	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Abonntar vassverk	1.421	1.400	1.383	1.357	1.344	1.341	1.327	1.325	1.298
Abonntar kloakk	2.221	2.093	1.979	1.891	1.858	1.844	1.805	1.774	1.713
Abonntar renovasjon	5.728	5.584	5.528	5.448	5.439	5.361	5.250	5.016	4.996
Abonntar slamtøming	1.960	1.892	1.895	1.875	1.852	1.805	1.788	1.771	1.687
Nye fritidsbustader	82	71	51	51	49	46	41	28	35
Tal nye einingar leilegheitsbygg	5	0	7	16	0	0	16	4	0
Tal nye bustader	5	9	7	4	8	5	8	9	16
Km merka stig	285 ²⁾	406	400	400	400	294	278	278	260
Km oppkøyrde skiløyper	458	453	430	430	430	436	440	440	440
Daa nydyrka	61	57	73,5	7	53	184	110	215	133
Sjølvkost % plan	0,4	9	40	66	56	60	76	(42) ¹⁾	85
Sjølvkost% byggesak	90	83	73	83	97	65	77	75	75
Sjølvkost % oppmåling	90	125	115	84	76	68	83	62	79
Km kommunale vegar	84 ³⁾	106	106	106	105	105	105	105	104

1) Aktiviteten var så låg at talet ikkje er representativt.

2) I tala fram til 2021 var det irekna umerka stigar som var ein del av Ål52, frå og med 2021 er det berre rekna med dei stigane som er merka og skilta

3) I tala fram til 2021 var gangvegar og rekna med, frå og med 2021 berre køyrevegar



ÅL KOMMUNE

Vedlegg: KOSTRA tal 2021

	ÅI - R 2021	ÅI - R 2020	Kostra- gruppe 05 2021	Gol 2021
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	1,1	0,4	3,9	0,3
Årets merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	-1,6	-0,2	-0,2	-1,5
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	22,7	27,0	21,3	24,8
Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	26,0	22,7	37,8	34,1
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	73,9	74,3	94,4	82,5
Frie inntekter per innbygger (kr)	70 959	66 389	73 481	68 659
Frie egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	14,1	13,2	12,8	11,9
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	6,7	6,3	10,2	8,2
Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (prosent)	54,4	88,0	34,8	54,6